



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

# VURDERINGSINNLEVERING

---

Emnekode: FN-BACH15

Emnenamn: Bacheloroppgåve i natur og friluft.

Vurdering: Bacheloroppgåve i natur og friluft.

Kandidatnummer: 818, Miriam Sæle Kårstad

Leveringsfrist: 20.05.2014

Vurderingstype: Ordinær

Fagansvarleg: Marianne Størkson

# Samandrag

Risikofylt leik er eit omdiskuter tema, som dei fleste innanfor barnehagesektoren har ei bestemt meinig kring. Eg har valt tema risikoleik, med fokus på dei vaksnes holdningar. Eg har formulert følgjande problemstilling: Kva faktorar påverke haldningane våre til risikoleik? Er det ulike haldningar til risikoleik hos dei tilsette innanfor same barnehage?

Eg har velt å nytte meg av kvalitativ forskings metode, der eg har intervjuja nokre av dei tilsette i ein tidlegare praksis barnehage. Eg har nytta meg av relevant teori knytt til risikoleik, haldningar, miljøets betyding, tilsettes betyding og barns utbytte av risikoleiken. Den teoretikaren som har hatt størst betyding for oppgåva er Sandseter(2010) med sine teoriar kring risikofylt leik.

Gjennom teorien og intervjuja fekk eg svar på problemstillinga. Konklusjonen min er at haldningane til dei eg intervjuja er nokså like, sjølv om engasjementet var variert. Men det var mange ulike haldningar innanfor barnehagen. Dei faktorane som påverka haldningane til dei eg intervju, var utdanning, bakgrunn, kunnskap og særleg erfaring.

Risikoleik er eit tema som interesserar og engasjera meg. Eg meiner at risikoleik er ein naturleg del av barndommen og ein viktig del av barns allsidige utvikling og læring.

# Summary

Risky play is a debated theme, which most people within the child care community has got a determinate opinion about. I have chosen the theme risky play, focusing on the grown-ups attitude. I have formulated the following problem: Witch factors influences our attitude towards risky play?

Is there any difference in attitudes towards risky play within the staff in the same daycare?

I have chosen to use qualitative research method, where I have performed interview with some of the staff in my former training daycare. I have used relevant theory connected to risky play, attitudes, environmental influence, staff distinction and the child's exchange of risky play. The theorist which has influenced the paper the most is Sandseter (2010), with her theories on the subject risky play.

Through theory and interviews, I found the answers to my cases. My conclusion is that the attitudes of my interview subjects are similar, though the levels of engagement are varied. But here were many different attitudes within the daycare. The factors that influenced the interview subjects were education, background, knowledge and most of all experience.

Risky play is a subject that intrigues and thrills me. I think risky play is a natural part of being a child and growing up and an important part of a child's comprehensive development and teachings.

## **Forord**

Haldningar er ein del av måten ein tenkjer på og er på, det er ein stor del av oss sjølv. Ein tek med seg haldningane sine i alle samanhengar og aspekt av livet, det seier noko om kven ein er. Mi haldning til risikoleik er svært positiv, mi hensikt med denne oppgåva har vert å få meir kunnskap og få fram viktigheita av risikoleik. Eg håper eg har skapa debatt og bevisstgjort dei som jobbar i barnehagen.

Arbeide eg har gjort med denne bacheloroppgåva har vert både lærerik og spennande. Det er fleire personar eg ynskjer å takka. Eg ynskjer å takka barnehagen som har støtta og lagt til rette for gjennomføring av intervju. Eg vil og retta ein kjempe stor takk til rettleiar Marianne Størkson, som har vert til kjempe stor hjelp med gode råd og konstruktiv rettleiing. Takk for god hjelp!

Høgskulen Stord/Haugesund

Mai/2014

Miriam Sæle Kårstad

## Innhold

Samandrag.....	2
1.0 Innleiing.....	6
1.1 Problemstilling .....	7
2.0 Teori .....	8
2.1 Rammeplan og lovverk .....	8
2.2 Risikoleik .....	8
2.3 Risikotermstat og risikostyring.....	9
2.4 Haldningar .....	10
2.5 Dei vaksne og miljøets betydning for risikoleik .....	11
2.6 Barns utbytte av risikoleik .....	13
3.0 Metode.....	14
3.1 Tilnæringsmåtar .....	15
3.2 Vurdering og grunngivning av val av metode.....	16
3.3 Moglege feilkjelder .....	16
3.4 Validitet og Reliabilitet .....	17
3.5 Vurdering og grunngivning av intervju objekt .....	18
3.6 Gjennomføring.....	18
4.0 Datamaterielle, drøfting og resultat.....	19
4.1 Risikoleik.....	19
4.2 Erfaringsbasert kunnskap om risikoleik.....	23
4.3 Engasjement til risikoleik.....	26
5.0 Oppsummering.....	29
Litteraturlista:.....	31
Vedlegg 1: .....	34
Vedlegg 2: .....	38
Vedlegg 3: .....	43
Vedlegg 4: .....	47
Vedlegg 5: .....	53

## 1.0 Innleiing

Barndommen er ein viktig og sentral del av live, og har mykje å sei for kven ein blir som vaksen. Eg har sjølv teke med meg mange av barndommens verdiar og hugsar godt korleis det var å vera liten. Eg var eit aktivt barn med god fantasi, og det å leika var det kjekkaste eg viste. Barndommen slik eg hugsar den, er på sett og vis mykje lik på slik eg ser barndommen er i dag. Men likevel ser eg ein skilnad på korleis nærmiljøet blir nytta. Då eg var lita var skogen, naturen og nærmiljøet vår leikeplass. Uansett vær og vind, og utan særleg oppsyn av vaksne, leika alle barna uavhengig av kjønn og alder saman ute. Vi var ute frå morgon til kveld å leika. Leiken var oftast vilter, og krig var ein av favoritt leikane våre. Vi demte opp elva og ved hjelp av verktøy og kniv, bygde vi hytter høgt oppe i treet. Når eg i dag går gjennom byggefeltet eg vaks opp i, ser eg leikeplassen vår i kvar ein skråning, busk og bergskrent. Men det er noko eg saknar når eg går gjennom byggefeltet, nemleg barna.

I dag er eg i midten av tjue åra, sida eg var lita har det skjedd eit generasjonsskifte i byggefeltet. På same måte som då eg var lita, er det no barn i nesten alle husa. Men noko har fendra seg, eg ser nesten aldri barn som er ute å leika. Når barna er ute, er det i følgje av foreldre, og oftast på det inngjerda området til leikeplassen. Slik eg opplever det, er mange av dagens barn overbeskytta og inaktive. Klatra i tre blir rekna som ekstremспорт, og foreldra må vera tilstade til ei kvar tid.

Eg har opplevd barn som ikkje veit kva dei skal gjera når fotballen sitte fast i toppen av eit tre, og har spurd om eg kunne henta stigen for å ta ned ballen. Barna såg på meg med vantru då eg føreslo at vi skulle klatra opp å henta den saman. Eg har opplevd ein barnehagen der dei kvitta seg med tre og klatrestativ, då dette potensielt kunne skade barna. I sommar skulle ei eg kjenner overnatta med sine ”tantebarn” i telt. Barna syntest dette var kjempe spennande då dei aldri hadde gjort det før. Då dei skulle leggja seg fann dei fram nettbretta, som foreldra hadde pakka med i sekken. Barna blei sjokka då dei fann ut at det var ingen ”dokking” i teltet, kvar skulle dei lade nettbretta sine då?!

På bakgrunn av desse opplevingane, har eg valt å skriva om risikoleik. Nyleg fann eg ein artikkel med overskrifta ”Slipp bomullsbarne fri”, denne overskrifta fanga interessa mi. I artikkelen skriv Øyvind Kvalnes(2009) om dagens foreldre sin over beskyttande væremåte. Han fryktar at denne veremåten vil vera med å gjera barn til tafatte og usjølvstendige vaksne, som ikkje er forberedt på det å måtte klara seg sjølv. Risikoleik er blitt tematikk i samfunnet,

barnehagar og media. Sjølv om risikoleik er eit tema som er lite forska på, opplever eg at det er eit tema som engasjerer mange. Dei fleste har ein bestemt haldning til risikoleik, og det er eit tema som ofte er debattert i media. Som ”Barne-, likestilling og inkluderingsdepartementet” framlegg, har samfunnets utvikling det siste århundret hatt stor og hovudsakleg svært positiv innverknad på barndommen. Barna som i dag veks opp i Noreg, veks opp i trygge og resurssterke omgivadar (Meld. St. 39 (2010-2011)). Men i takt med at Noreg er blitt ein velferdsstat, har noko skjedd med barndomen. Forsking viser at barn leiker mindre og mindre i naturen eller på eigen hand (Klem, 2013). Dette har førsteamanuensis ved Høgskulen i Telemark Bjørn Tordsson, i eit intervju med avisa ”Adressa” beskriv som ”organisert vanvidd” som tar over for den frie leiken (Klem, 2013). Eg deler Tordsson sine bekymringar, eg trur at fri og risikofyllt leik er ein naturleg del av barndomen og barnehagen. Som Professor Gunnar Breivik sa: ”Barn har rett til å kjenne svolt, rett til å fryse, slå seg, og brette eit bein” (Sandberg, 2014). Tematikken risikoleik leiar vidare til problemstillinga mi.

## **1.1 Problemstilling**

Kvar kjem desse haldningane til risikoleik i samfunnet frå? Viser media eit unisont bilete av ein felles haldningsbase, og kvifor er det slik?

Dreg ein desse spørsmåla ned til barnehagenivå, er det stor variasjon av haldningar til risikoleik innan for same barnehage? Er risikoleik ein nødvendig del av barndommen, og kva utbytte har ein eventuelt av risikoleik?

Eg har sjølv ei veldig positiv haldning til risikoleik i barnehagen, dette basert på mine egne erfaringar og kunnskap om tema. Eg tenker at det er mange positive verknader av risikoleik, som gode erfaringar, impuls kontroll og meistring. Eg vert stadig overraska over mange sine haldningar til risikoleiken. Eg har difor valt å sjå på dei ulike haldningane som finnes innanfor same barnehagen og kor haldningane kjem frå.

Noko som leiar til mi problemstilling med undersforskingsspørsmål:

***Kva faktorar påverke haldningane våre til risikoleik?***

***Er det ulike haldningar til risikoleik hos dei tilsette innanfor same barnehage?***

## 2.0 Teori

I dette kapitlet vil eg ta føre meg relevant teori knytt til risikoleik. Eg vil byrja med rammeplan og lovverk, deretter går eg vidare til teori kring risikoleik og definisjon. Eg vil så gå innpå haldningar, miljøet –og dei vaksne si tyding. Kapitlet vert avrunda med barns utbytte av risikoleik.

### 2.1 Rammeplan og lovverk

Rammeplanen og barnehagelova(Kunnskapsdepartementet, 2011) er barnehagens viktigaste styrings dokument. Barnehagelova inneheld føringar, lovverk og forskrift kring barnehagens verksemd. Rammeplanen er utarbeida frå barnehagelova og lager rammer og retningsliner for korleis verksemda skal drivast på best mogleg vis.

Det står ingenting direkte om risikoleik verken i rammeplanen eller barnehagelova. Men ein kan knytte det mest opp mot dette tema. For eksempel så står det i kapittel 3.2 at barnehagen skal bidra til at barn ”får ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppslig meistring”(Kunnskapsdepartementet, 2011). Vidare så står det at barnehagen skal bidra til at barna ”skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsle og utfordringar”(Kunnskapsdepartementet, 2011).

### 2.2 Risikoleik

Det er lite forskning kring tema risikoleik, særleg i Noreg. Men det finnes mykje teori som ein kan knyta opp mot risikoleik. Ein av dei som er mest kjend innan dette tema i Noreg, er Ellen Beate Sandseter(2010), ho definere risikoleik som spennande og utfordrande leik med ein viss risiko for at fysisk skade kan oppstå. Sandseter(2010) deler den risikofylte leiken i seks kategoriar: leik der barna kan gå seg vekk, leik i stor høgda, leik med stor fart, leik med farlege reiskap, leik som innebere kamp og leik med farlige element(Sandseters, 2010, s.180-181). Sandseter(2010) er svært oppteken av den aukande sikkerheitsfokuset som er i dagens samfunn, noko ho meiner er svært negativt. Sandseter(2010) hevdar at dette fokuset er med å avgrensa den risikofylte leiken for barna. ”Poenget med risikofylt leik er faktisk å balansere



på kanten mellom intens spenning og rein frykt- men kjenne på begge følelsane samtidig”(Sandseter, 2010, s.181-182).

Sandseter(2010) er brennande engasjert for risikoleiken, å hevdar at risikoleiken har stor betydning for barnas læring og utvikling. Dei siste åra har ein kunne sjå fleire saker i media som omhandle tema risikoleik. I artikkel med overskrifta ”Barn har godt av risikoleik i barnehagen” (Balci, 2013), fortel høgskulelektor Henrik Rostad Neegaard om leikeplasskontrollørar som handhevar forskrifter, men som manglar kompetanse på barns utvikling og behov for risikoleik. Vidare fortel han om verksemder som kutter ned greiner fordi det mogleges kan vera farlig for barna å klatra(Balci, 2013). Vidare fortel han at 98 prosent av skadane i norske barnehagar, er skadar som ikkje trengje anna enn enkel hjelp og behandling(Balci, 2013). Neegaard påpeikar viktigheita av risikoleik, og framhevar at barn er kroppslige og opplever verda gjennom sin bruk av kroppen(Balci, 2013). Mange foreldre og barnehage tilsette er redde for at barna skal bli skada, men mykje tyder på at over beskyttelsen er det som gjere den største skaden. Barnepsykolog Helene Guldberg fortel at det er svært farlig å over beskytte barna, då dei seinare i live ikkje har erfaringa til å kunne handtere ulike formar for risiko(Skjesol & Solberg, 2011).

### **2.3 Risikotermstat og risikostyring**

I barnehagen verksemda finnes det mange tilsette med ulike personligdommar, ulike bakgrunnar, haldingar, kunnskapsnivå og erfaringar. Personalet i barnehagen er barnehagen sine «danningsagentar». Rammene og føringane for kva som er bra, forventta åtferd og tillat blir danna i ein interaksjon mellom vaksne og barna, og dei overordna rammene som er lagt rundt barnehagekvardagen. Personalet og dei overordna rammene(barnehagen sin årsplan, inne/uteareal, leiker m.m.) vil ha stor innverknad på barnehagebarna sin barnehagekvardag, og er med å legger grunnlaget for barnas haldningar og erfaringar.

Adams(1995) har skissert risikomodellen ”termstatet” som går ut på at folk oppfattar farar på grunnlag av tidlegare erfaringar med fare, og kan vera villige til å ta ein risiko viss belønninga er god nok. Adams(1995) forklarar risikostyring som ein balanse mellom ein potensiell belønning og ein eventuell risiko. Altså dette er noko som er ein del av alle menneskjer. Har ein pedagogisk leiar skada seg då ho klatra i trær som liten og har ein dårlig erfaring med det,

vil dette potensielt ha mykje å sei for barna på avdelinga hennar og det er lite sannsynleg at barna får lov å klatra høgt opp eit tre når ho er med.

Vi menneskjer har ulik oppfatning av det som skjer rundt oss, det vil sei at vi og har ei ulik oppfatning av risiko. Vi har objektiv og subjektiv risiko. Objektiv risiko den reelle risikoen, den er meir nøytral og basert på allmenn kunnskap og fakta. Subjektiv risiko er vår følte oppfatning av risikoen og meir individuell. Om ein manglar erfaringa med risikoleik, kan ”sprike” mellom den objektive og subjektive risikoen vera stor(Sandseter, 2012). Kunnskap og erfaring kan bidra til ei haldningsendring, som gjer ”sprike” mindre.

## 2.4 Haldningar

Ein haldning omfattar handlingar, tankar og følelsar, og blir påverka av erfaringar og omgivingar som oppvekst og utdanning(Madland, 2013, s.29). Madland(2013) viser til at mange av haldningane og verdiane våre blir danna i løp av barndommen gjennom positive og negative opplevingar, foreldre og andre omsorgspersonar. Haldningar kjem til uttrykk gjennom våre handlingar og meiningar, våre haldningar er med å påverke korleis vi gjer jobben vår(Madland, 2013, s.39-40).

Ein holdning er ein meining, men ein holdning og ein meining er framleis ikkje det same. Ein skifter oftare meining, medan holdningar er noko som sitter djupt i oss(Bostad & Paulsen, u.å).”*Det finnes grunner til at vi oppfører oss som vi gjer, men det er ikke alltid vi er klar over dei sjølv*”(Madland, 2013, s.29). Ofte har ein ubevisste handlingar, der ein reagerer utan at ein tenker seg om, eller eigentleg veit kvifor ein reagerte som ein gjer. Det kan vera ein tidlegare erfaring som instinktivt utløyse ein spontan handling eller reaksjon(Madland, 2013). I barnehagar kan slike situasjonar ofte oppstå, både av negativ og positiv karakter. Det er då viktig å reflektera kring handlinga og haldningar, gjera seg kjend og finne ut kva last ein har i ”ryggsekken”. Gjennom refleksjon kan ein oppdage ubevisste grunnar til haldningar som er med å styrer jobben ein gjer(Madland, 2013, s.26). Når ein jobbe i barnehage møter ein mange ulike menneskjer, med ulike bakgrunnar, verdiar og haldningar. Dialog og refleksjon er då eit viktig verktøy.

Haldningane våre er ein stor del av personligdommen vår, vi menneskjer blir påverka av kvarandre sine haldningar(Madland, 2013, s.29). Som barnehage tilsett har ein eit stort ansvar,

som god rollemodell med gode haldningar. For alt vi gjer fortel verden kring oss kven vi er. Sandseter(2010) påpeiker ved fleire anledningar at det er dei vaksne som legger føringane og rammene for barnas utvikling og læring. For at barn skal få driva med risikoleik må dei vaksne ha ei positiv haldning til det.

Vår erfaring og persepsjon er med å styrer våre haldningar.”*Persepsjon dreie seg om dei inntrykka vi får gjennom sansane våre, bearbeider og gjev mening for oss*”(Madland, 2013, s.53). Det vil sei at dersom eg som pedagog har god erfaring med sykling, vil mine sansar sende meg positive signal i kroppen når eg ser barna/vaksne sykklar fort. Medan negative erfaringar vil sende ein beskjed som seier at dette er negativt. Desse beskjedane er ein del av haldningar våre, og er med å påverke våre handlingane.

## **2.5 Dei vaksne og miljøets betydning for risikoleik**

Dagens barn tilbringer store delar av tida si i barnehagen, difor har barnehagens miljø mykje å seie for barnas risikoleik. Barnas miljø vil sei turområde, leikeplassen rundt og området inne i barnehagen. ”*Barn lærer ikkje bare ”gjennom håve”, men også gjennom bevegelse og ved bruk av heile kroppen. Vi trur at viss barn får muligheita, vil dei ta utfordringar og utforska eigne grenser for kva dei kan meistra*”(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.15). Generelt har dagens barn mindre mulighet til å bevega seg fritt i nærmiljøet. Dette har ulike grunner, barn deltek i meir organiserte aktivitetar, det er auka sikkerheitsfokus, tidsklamma, auka trafikk og generelt er livet blitt meir regulert(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.161).

Barnehage tilsette har mange ansvars oppgåver, ei av desse oppgåvene er å halda barna trygge. Breivik(2001) fortel at barnas leik er blitt meir og meir prega av vaksen styring, medan den tidligare var friare og meir eigenstyrt. Breivik(2001) viser til at mange barnehagetilsette er redde for å utsette barna for risiko og nedprioritere risiko prega leik, fordi dei er redd for at barna skal bli skada. Dei vaksne har ansvar for barna, dei har ansvar for at barna er trygge i risikoleiken, dei har då ansvar for det fysiske miljøet som barna er i. Men barnehage tilsette har og i oppgåve å utfordre barna og fremma allsidig utvikling. Bae(1996) påpeikar at det er heilt sentralt og viktig at dei vaksne er villig til å gje opp kontrollen.

Det er dei tilsette som lager ramma for barnas leik i barnehagen, då er holdningar våre ein viktig føresetnad og spelar ei stor rolle for barnas leik(Sandseter, 2010).

Alle barn er ulike og har derfor ulike behov. Naturen er full av varierte utfordringa, der alle barn uansett alder, referanse og ferdigheta, kan finne utfordringa som passer for dei og stimulere til utvikling, leik og læring. *”Variert fysisk aktivitet både inne og ute har svært mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppskontroll. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gir mange moglegheiter*(Kunnskapsdepartementet, 2011). Barns miljø er svært viktig arena for barns risikoleik, Osnes(et al., 2010) vektlegg det fysiske miljøet som ein form for invitasjon til kroppslig og vilter leik.

Det er barnas sansesystem som gir barna beskjed om kven av trea i skogen som er best egna til å klatre i eller kvar på berge det er lettast å komme seg opp(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.159-160). I denne samanheng er det omsyns messig å nemne ”Affordance”, som oversettes til invitasjon og innbyding. *”Innbyding er ein funksjonell og reell eigenskap eller kvalitet ved miljøet, som er definert av relasjonen mellom miljøet og organismen som lever i miljøet”*(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.159). Barnet er her organismen, gjennom sansesystem og persepsjon analysere dei kroppens muligheiter og avgrensingar innanfor invitasjonen frå miljøet(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.159-160). Det er ei muligheit for å ta i bruk den naturlige læringa, dei funksjonane og utfordringane som er kring oss i naturen. Barn vel utfordringar som naturen byr på ut frå deira bedømming frå erfaring av eigne ferdigheita(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.159-160).

Naturen gir rom for mangfald og opplevingar, og er ein svært god arena for utfordring, leik og læring. Barns leik i naturen er av stor verdi og gir andre muligheiter enn inne leik. Ute får barna eit større miljø å bevega seg på og automatisk eit større rom for å leika fritt og prøva ut grenser. Ute miljøet og inne miljøet i barnehagen er begge viktige, men av ulik karakter og kvalitet alt etter kva ein vektlegg. I typiske Norske barnehagar er ute miljøet opplagt for motoriske leik og grovmotorisk utfordringar , medan inne miljøet bere lite preg av det(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010). I rammeplanen for innhaldet og oppgåver i barnehagen står det at barnehagen skal bidra til at barna *”vidareutviklar kroppskontroll, grovmotorikken, finmotorikken, rytmen og den motoriske kjenslevna”*(Kunnskapsdepartementet, 2011). På grunn av sikkerheit og støy kan det vera vanskeleg for dei tilsette i barnehagen å skapa eit godt inne miljø som innbyr og fremme motorikken(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.167). Osnes(et al., 2010) påpeikar at viss ein ser på mange barnehagars årsplanar, er motorikk

nemnt i samanheng med uteleik. Difor er det viktig at dei tilsette legg til rette for motorisk fremmande aktivitetar inne i barnehagen, som for eksempel bryting, krabbing, hopping, hinderløypa, dansing og balleik som alle barna kan få vera med på(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.167-168).

## 2.6 Barns utbytte av risikoleik

I følge Michael Apter(sitert av Sandseter, u.å) er barn nyfikne og utforskande av natur. Gjennom leik oppdagar barna kva som er trygt og utrygt, å teste ubevist ut grense og muligheita innanfor barnets miljø. For eksempel slik som Boysen(1997) forklare, at viss eit barn skal lære seg å bruka ei fyrstikka, er det viktig at barne får prøva og få muligheita til å erfara det å brenna seg på fingeren, så lære barnet korleis det ikkje skal brenna seg på fingeren neste gang(sitert i Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.144).

Breivik(2001) ser på dagens barndom som polstra og overbeskytta. Breivik(2001) er bekymra for at barnas barndom står i fare og meiner at det er svært viktig med kontrast opplevingar for barna, slik at dei skal kunna bli erfarne og robuste barn som har verktøya dei treng for oppveksten og vaksenlivet. ”*Dersom vi skal læra oss å meistra, må vi vera villige til å eksponera oss, vi må begynna i barneåra med å skaffe oss erfaringa og vi må halda på heila live*”(Breivik, 2001, s.146.).

Gjennom risikoleiken får barna mulighet til å bli kjend med eigen kropp, med det meiner eg at barne får mulighet til å sjå korleis kroppen fungerer i ulike miljø, kva som er kroppens muligheiter og grenser. Dei barna som får utfalda seg og blir oppfordra til risikoleik vil bli motorisk sterkare og få eit breiare bevegelsesrepetoar(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146). Dette kan og ha positiv effekt på den psykiske helsa til barnet, fordi sjølvkjensla og sjølvtiliten til barne kan bli betra då barne kan oppleva glede ved leiken og opplevinga av å meistra noko som barne tidlegare kanskje har sett på som skummelt eller vanskeleg(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146). Barna får mulighet til å oppleva det Sandseter(sitert i Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146) kallar for risikomeistring, det vi sei at barna opplever at desto større risikoen er og etter lenger dei held på med noko, desto meir meistre dei og desto større blir meistringa(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146).

Sandseter er ein av forkjemparane for risikoleik i Noreg og har uttalt: ”*Det er ikkje slik at dei som har vannskrekk eller høgdeskrekk, har blitt utsatt for skremmande opplevingar. Tvert imot, ting kan tyda på at det å klatra kan ha ein effekt på å dempa angsten. Når dei lære seg å meistra dette i trygge omgivnader, finn dei ut at det ikkje er noko å vera redd for*” (Solberg, 2012). Sandseter er ikkje i tvil om at det er viktig at barn får lov til å klatra høgare, prøva meir og ta sjansa (Solberg, 2012). Dette seier Sandseter er viktig for at barna skal takla risiko seinare i live, for mestrings kjensla deira og for å kunna vurdera kva som er farleg (Solberg, 2012).

### **3.0 Metode**

I dagleg tale, og i pedagogiske samanheng, nyttar ein ordet metode for å beskriva ein arbeidsmåte for å oppnå ei sett målsetting. (Løkken & Søbstad, 2013, s.9). Når vi snakkar om forskning som felt, omhandlar metode innsamling av data, for å gje svar på forskingsspørsmål.

Forskingsmetode deler vi i hovudsak inn i kvalitativ og kvantitativ. Kvantitativ metode er innsamlinga av «harde data», som fortel noko om mengde, utbreiing og antal. Kvalitativ metode er det vi kan omtale som «mjuke» data. Innan kvalitativ metode finn vi t.d. intervju, observasjon m.m.

I forskingssamanheng blir ordet ”metode” bli brukt for å beskrive planen bak, og framgangs måten for å henta inn data til ei forskingsoppgåve (Løkken & Søbstad, 2013, s.9). Løkken og Søbstad(2013) forklarar på denne måten: ”Vi kan sei at metode betyr å følgja ein vei mot måle, og det er ein framgangsmåte som følgjer visse reglar” (Løkken & Søbstad, 2013, s.9).

Kva forskingsmetode ein vel å nytte vil vere basert på forskingsspørsmålet, og kva type data som best vil belysa problemstillinga.

I dette kapitlet av oppgåva skal eg ta føre meg kva metode eg har velt i mi undersøking, korleis undersøkinga har blitt gjennomført, og viktige omsyn i medhald av feilkjelder, validiteten, reliabiliteten og etisk ansvar.

### 3.1 Tilnæringsmåtar

Med bakgrunn i mi problemstilling har eg valt ein kvalitativt forskingsmodell, med intervju som metode.

Ut i frå Thagaard(2010) gjev kvalitativ forskning ei breiare bredde, og kan gje eit djupare innblikk i samansette fenomen. Ved djupdykk i organisasjonar der ein søker ei bredde og innsikt på eit meir menneskeleg og verdimesseige nivå, er intervju som forskingsmetode hyppig nytta.

Vi kan seie at kvalitativ metode går i djupna. Analytiske tolkingar av konteksten den går inn i. ut i frå Thagaard(2010) vektlegg gjennom den kvalitative metoden dei analytiske forholda knytt opp mot forståing av sosiale fenomen. Materiale som ikkje lar seg eksplisitt samla gjennom kvantitativ forskingsmetode. Ut i frå Thagaard(2010) seier kvalitative metodar noko om eigenskapar og kvaliteten ved det ein ynskjer og undersøkje.

Thagaard(2010) påpeikar at fordelene med kvalitativ tilnærming er fleksibilitet og openheit i omsyn til fenomenet som skal studerast. Ved å velje ei kvalitativ forskning, har ein eit holistisk perspektiv. Det vil seie at ein har eit perspektiv som er ute etter å sjå samanhengar og heilheta. I kvalitativ forskning er det viktig å kunne sjå at ein forske på heile menneske, summen av enkelte delar tilsvarer ikkje nødvendigvis heilheta(Løkken & Søbstad, 2013, s.35). Måle vil vera å avdekke folks opplevingar av verden og få fram viktigheita og betydinga av folks erfaringar(Kvale & Brinkmann, 2009, s.21).

Medan kvalitativ forskning er retta mot subjektive opplevingar, er kvantitativ forskning retta mot det ytre(Løkken & Søbstad, 2013, s.35). Altså den største forskjell mellom kvantitativ og kvalitativ metode, er ut i frå Thagaard(2010) måten dei går inn i forskingsmaterielle på.

For å finne svar på mine forskings spørsmål vart det naturleg å velje strukturert intervju som metode. I strukturert intervju som metode er spørsmåla ned teikna på førehand, og alle intervjuobjekta vi få dei same spørsmåla(Løkken & Søbstad, 2013, s.106).

Eit strukturert intervju kan gje meg ei djupare forståing kring tematikken risikoleik i barnehagen, og belysa personalet sine tankar og haldningar til risikoleik.

## 3.2 Vurdering og grunnivnad av val av metode

Tematikken for oppgåva mi var ikkje vanskeleg å velje. Dette er eit felt som eg synes er spennande. Kva spesifikt fokus innan risikoleik eg ynskja belysa, og vegen for å finne svar på spørsmåla mine, var eg meir usikker på. Val av problemstilling, la vidare vege for val av kvalitativ forskingsmetode.

Thagaard (2010) deler den kvalitative forskingsmodellen inn i fire: Intervju, observasjon, analyse av føreliggande tekst, og analyse av opptak.

For på best mogleg måtte kunne finne svar på mi problemstilling, vart det naturleg å velje strukturert intervju som forskingsmetode. Eg hadde nytta meg av strukturert intervju i tidligare forskings oppgåver, og hadde ei positiv oppleving med bruk av det.

Eg valte å skrive ned svara til intervjupersonen etter kvart spørsmål, utan å nytte meg av lyd opptak. ”Transkripsjon klargjer intervjumaterialet for analyse, noko som vanlegvis medføre transkribering frå tale til vanleg tekst”(Kvale & Brinkmann, 2009, s.118). Altså ifølge Kvale og Brinkmann(2009) vil transkribering gjer intervjuet betre egna til å analysa.

## 3.3 Moglege feilkjelder

Når ein skal gjennomføre ei forskning, kan det vera vanskeleg å velja metode då det finnes sterke og svake sider ved alle metodar. Den svake sida kan for eksempel vera dei moglege feilkjeldene.

Det er svært mogleg at det kan oppstå feilkjelder i eit intervju og då i oppgåva. For å sikre at data innsamlinga er pålitelig, er det viktig å vurdere eventuelle feilkjelder(Grønmo, 2004). Viss eg som intervjuar fortel om tema og viser ei tydeleg positiv haldning til tema, vil det kunne påverke den eg intervjuer til å halda tilbake informasjon eller eventuelle negative tankar kring tema. Den som blir intervjuet tør mogleges ikkje komma med eigne synspunkt eller vil prøva å setta seg sjølv i eit betre lys. Det blir då vanskeleg for meg som intervjuar å vurdere om svara er truverdige då det mogleges er ei feilkjelde(Grønmo, 2004). Det er og viktig å trygge intervjuobjektet, slik at dei ikkje føler at det finnes eit ”rett svar”, då kan dei svara det som fell dei naturleg.



Årsak til feilkjelde kan og vera sjølve spørsmålet eller i spørsmålsformuleringa(Grønmo, 2004, s.184). ”*At spørsmåla ikkje blir forstått, eller at dei blir misforstått, vil først og fremst føra til upålitelige svar*”(Grønmo, 2004, s.184). Kroppsspråket er og ein viktig del av kommunikasjonen vår, men kroppsspråket kan og vera med å påverka til feilkjelder(Osnes et al., 2010, s.32). Som intervjuar må ein bevisst ha eit nøytralt kroppsspråk.

Ei annan mogleg feilkjelde kan vera at dei ein skal intervju får moglegheit til å snakke saman på førehand og diskutere tema, då kan dei påverke kvarandre og det er ikkje kva dei eigentleg meiner som kjem fram i intervjuet. Dette kan oppstå viss ein intervjuar personar frå same verksemd og gir ut for mykje informasjon om intervjuet og tema på førehand.

### **3.4 Validitet og Reliabilitet**

”Å vurdera intervjutranskripsjonens gyldigheit er meir komplisert enn å bringa deira pålitelegheit på det reina”(Kvale & Brinkmann, 2009, s.194).

Det kan vera vanskelig å skilje mellom validitet og reliabilitet. Thagaard(2010) fortel at reliabilitet handlar om pålitelegheita ved forskingsprosjektet. Det seiar noko om kor nøyaktig forskinga og forskings resultatet er. For eksempel viss tre personar som nyttar same forskings metode og forskar på det same, kjem fram til same resultat uavhengig av kvarandre. Då kan ein sei at reliabiliteten i forskinga er god, forskinga er påliteleg(Kvale & Brinkmann, 2009).

Validitet seier noko om gyldigheita i forskinga, om forskinga viser det den skal(Løkken & Søbstad, 2013, s.123). Kvale og Birkmann omtaler validitet som ei sanning, det som er riktig. Dei fleste knyt omgrepet validitet til kvantitativ forskning. Ut frå Befring(2007) å forstå, har validitet i forhold til kvalitativ forskning ei litt anna forståing. Det handlar om gyldigheita, det seie noko metoden, analyserings prosessen og resultatet sin relevans i omsyn til problemstillinga. Resultatet skal ha relevans for problemstillinga ein søkjer svar og ei breiare forståing kring.

Vi kan og dela validitet i indre og ytre validitet. Ringdal(2009) seier at ytre validitet fortel om nærleiken til realismen, medan indre validitet fortel om kontrollgraden på forskinga. Det Ringdal(2009) seier er at lav kontrollgrad styrke den ytre validiteten, medan det svekker den indre og motsett. Slik eg ser det, vil det seie at kvalitativ forskning får ei høgare grad av den ytre validiteten.

Når ein nyttar seg av intervju som forskings metode, er det omgrepsvaliditeten som blir relevant å sjå nærmare på. Ved ferdig intervju er det viktig og etisk riktig å lesa opp eller syne dei nedskrivne svara, til intervjuobjektet. På den måten får intervju objekta mogleik til å redigera eventuelle feiltolkingar, og intervjuar sikra at ein har forstått og tolka det som er blitt sakt riktig. Ein sikrar reliabiliteten og validiteten til oppgåva, altså ein sikra gyldigheita og kvaliteten i intervjuet(Løkken & Søbstad, 1995, s.100).

### **3.5 Vurdering og grunngivnad av intervju objekt**

I mi forskning ynskja eg å sjå på kva ulike haldningar som finnes til risikoleik innanfor same barnehage. Eg ynskja å sjå kvar dei ulike haldningane kjem av og kva som påverkar oss. Som Sandseter(2010) påpeikar, så har det fysiske miljøet og dei tilsette sine haldningar mykje å sei for barnas utfalding gjennom risikoleik.

Eg ynskja å få ulike perspektiv, så eg valte å intervju fire personar med ulik bakgrunn og ulike føresetnader. Eg valte to pedagogiske leiarar, der ein var mann og ei var kvinne. Så valte eg to pedagogiske medarbeidarar, der det og var ein mann og ei kvinna. Med dette håpa eg å få varierte svar og ulike haldningar. Eg valte å intervju fire då dette kjentes ryddig og dekkande. Dei eg intervjuar er tilsette i praksis barnehagen min.

Eg fortalte dei om intervjuet, kva type spørsmål som skulle vera med og kva eg skulle nytta intervju til, intervjuobjekta stilte seg positive til deltaking i forskingsprosjektet mitt. Eg intervjuar alle på ulike dagar.

### **3.6 Gjennomføring**

Intervju guiden min var på til saman 24 spørsmål. På førehand gjennomførte eg eit pilotintervju, på ei venninne av meg som er journalist. Dette for å sjå om spørsmåla var leiande, gav svar på problemstillinga, og kor lang tid intervjuet ville ta. Intervjuet var tidkrevjande, og tok mykje lengre tid en eg hadde anteke på førehand. Eg fann også fort ut at fleire av spørsmåla omtrent gav dei same svara, og vart overflødige. Her kunne eg kutte ned.

Etter redigering av intervjuguiden, og med nokre erfaringar fleire var eg klar til å ha intervju med intervjuobjekta mine. For å unngå distraheringar og forstyrringar, vart intervju gjennomført på eit avskjerma rom. Under intervjuet gjentok eg det som dei ulike svara på spørsmåla, etter kvart som eg skreiv det ned. Dette for å sikre validiteten i intervju

Eg fann også ut at det tok veldig lang tid å skrive alle intervju svara for hand, eg burde skrive på pc. Noko som ville spare meg tid både i prosessen og under etterarbeidet.

Eg tok meg god tid til kvart intervju, og var anerkjennande overfor deira haldningar og svar.

## **4.0 Datamaterielle, drøfting og resultat**

I denne delen av oppgåva vil eg presentera resultatet frå intervju eg utførte i praksis barnehagen. Funna mine vil eg fortløpande belysa med teori og eigne refleksjonar.

Intervju med spørsmål og transkriberte svar ligger som vedlegg i slutten på oppgåva.

Eg har intervju to assistentar av begge kjønn og to pedagogar av begge kjønn. Den mannlige pedagogen har bli omtala som MP(Mannlig pedagog) og den kvinnelige pedagogen blir omtala som KP(Kvinnelig pedagog), medan assistentane vil bli omtala som MA(Mannlig assistent) og KA(Kvinnelig assistent). Eg har valt å dele opp resultatet frå intervjuet etter ulike tema: Risikoleik, erfaringsbasert kunnskap om risikoleik og engasjement for risikoleik. Resultata frå intervju blir lagt fram samla.

### **4.1 Risikoleik**

MP sine tankar om risikoleik:

MP forbinde risikoleik med utfordringar ein gjev barna der det kan vera ein risiko for at barne kan skada seg. Han påpeiker at det handlar om å strekka grensene til barna, for eksempel for dei ”pysete” barna kan risikoleik vera bare det å klatra i eit tre. Medan risikoleik for nokre av dei tøffare barna, vil vera å klatra til toppen av treet. MP sine haldningar til risikoleik kjem frå

”tida utan EU-sand”, frå barndommen, kunnskap og erfaringar. Vidare fortel han at haldningane hans kjem frå ting i barndommen som ikkje lenger er lov i dagens barndom, som det å klatra i trær å leika cowboy og indianar. MP fortel at han knekte ein del bein, men at det var ein utfordrande og veldig flott barndom med mange gode erfaringar. Dette stemmer overeins med det Madland(2013) seier om at vår erfaringar er med å påverkar våre haldningar. MP påpeikar fleire gangar i intervjuet at erfaringar, er noko han ser på som svært viktig: *”Vi kan vera med å ufarleggjera ting for barna. Det er ikkje farlig å bruka kniv, så lenge ein bruker kniven rett. Vi er med å gir barna ”verktøy” og gode erfaringar, som er viktig å ha med seg i livet”*(MP, vedlegg 1).

KP sine tankar om risikoleik:

I likskap med MP, kjem og KP sine haldningar til risikoleik frå barndommen. Ho forbinde ordet risikoleik med leik der barna får utfalda seg, der det er ein viss fare for at barna kan skada seg. KP seier: *”eg er ikkje tilhengar av å sy puter under armane på barna, risikoleik er ein del av utviklinga og læring til barna”*(KP, vedlegg 2).

KP fortel vidare om hennar eigen barndom der ho fekk lov å bruka kniv, saga og klatra i trær. Ho skada seg, men aldri alvorleg. KP meiner at risikoleik er viktig til ei viss grad, men det er ei viktig del av læringa.

KP og MP påpeikar at all form for erfaring er viktig for barna. Gjennom barndommen har alle positive og negative opplevingar. Som Madland(2013) påpeikar blir våre verdiar og haldningar danna ut frå dei opplevingane vi har i barndommen, foreldre og andre nære omsorgspersonar(Madland, 2013, s.39-40).

På spørsmålet om dei hadde ulik haldning til risikoleik for deira egne barn og barna i barnehagen, svarte begge pedagogane at dei hadde akkurat same positive haldning til risikoleik for egne og andres barn. Med eit smil kunne KP fortelja om guten hennar, som hamna på legevakta fyrste gong han fekk smi med kniv. Medan MP forklara at hans haldning kjem frå det, at det ikkje var noko livsfarleg dei haldt på med, verken med egne eller andres barn.

MA sine tankar om risikoleik:

I motsetnad til pedagogane, hadde MA ei litt anna haldning: ”Ja!! Det har eg. Eg er enda meir kritisk og forsiktig med mitt eige barn. Eg er litt ”hønemor”, ”hønepappa”. Men eg synest det er flott at ho tøffe seg litt(!), litt opp. Men er uheldig ute, er det viktig av vi som vaksne er rolige, held roen og roe ned situasjonen. Barn ser ofte på den vaksne sin reaksjon, å reagere ut frå den. Eg prøve å ikkje vera ”hønemor”, men det er vanskelig”.

Men MA stiller seg positiv til risikoleik i barnehagen. På spørsmålet om han synest at risikoleik skal vera ein del av barnehagen, forklare haldninga si slik: ” JA! Det synest eg! Dei må få dei erfaringane, som følgjar med risikoleik. Eg har opplevd alt for mange vaksne, som knapt veit korleis dei skal gå på ein sti. Risikoleik er viktig for erfaring, det er viktig for at barn skal kunne analysere risiko”. .

MA ser på risikoleik som leik der det er eit potensial for at barne kan skada seg, som å klatra i trær. I likskap med MP, påpeikar MA gjennom heile intervjuet viktigheita med erfaringar.

Sandseter(2010) ) er bekymra for det aukande sikkerheitsfokusset, og ho ville nok stilt seg kritisk til MA sine overbeskyttande haldning til risikoleik for seige barn. Sandseter(2010) meiner sikkerheits hysteriet i dagens samfunn er med å øydelegga og avgrensa for barnas risikoleik.

KA sine tankar om risikoleik:

KA er og einig med dei tre andre om at risikoleik er ein viktig del av barndommen og livet i barnehagen. KA synest det er viktig med risikoleik for at barna skal få prøva ut grensene sine og finna ut kva dei klare å meistra. Ho undrar seg kring barns oppvekst utan risikoleik, ho er bekymra for at barn som ikkje får oppleva risikoleik, ikkje er i stand til å bedømme kva som er trygt/ikkje trygt. Dette samsvarer med barnepsykolog Helena Guldberg sine utsegn om at det potensielt er svært skadelig, å ikkje la barna få erfaringar til å handtera risiko. Ho grunnjev bekymringa med at barn som manglar erfaringa, ikkje veit korleis dei skal handtera risiko seinare i livet(Skjesol & Solberg, 2011).

KA synest at dei vaksne skal oppfordra barna til å test ut grensene sine, for eksempel ved å sei ”klare du å hoppa frå den steinen” eller ”kjem du deg opp i det treet”. Men KA er ikkje tilhengar av å oppmuntra barna til leike slåsting, ho tenker at dette er noko barna finner ut av sjølv. KA har teke førskulelærer utdanninga, men er ikkje ferdig utdanna. Ho fortel at hennar

haldningar kjem frå utdanninga, der dei lærte mykje positivt om risikoleik. Som barn fekk KA prøva ut kor grensene hennar gjekk, men foreldra passa alltid godt på at det ikkje blei for farleg

På førehand hadde eg trudd at det skulle vera større forskjell mellom svara til dei ulike. Det virka som om alle hadde hatt god erfaring med risikoleik i barndommen, som har vert med å påverka haldningane deira. Dei to som skilte seg litt ut med tankar og haldningar, er den mannlige assistenten og den mannlige pedagogen. Eg tolkar at den mannlige assistenten reelt er meir skeptisk til nokre former for risikoleik, medan den mannlige pedagogen er stor tilhengar av alle former for risikoleiken.

MP er ein veldig tydleg pedagog, med eit sterkt pedagogisk grunnsyn, han er pedagogen på basen til MA. Slik eg tolkar det, har MA til ei viss grad blitt påverka av MP sine haldningar til risikoleik. Det fekk meg som intervjuar til å stille spørsmål ved relibiliteten ved intervjuet, då svara potensielt var uriktige og ei feilkjelde vil få ut over pålitelegheita til intervjuet (Løkken & Søbstad, 2013, s.123). Men ved enda intervju konkluderte eg med at hans haldningar hovudsakleg kom frå hans egne erfaringar, sjølv om han sikker er blitt påverka av pedagogen. Noko eg tenker er naturleg, då ein som assistent jobbar ut frå pedagogen sine visjonar, kunnskap og haldningar.

Breivik(2001) snakke om barnehagens rolla, ansvar og innflytelse i barnas liv, han snakkar om erfaringar og korleis samfunnet i omsyn til barndommen har forandra seg. Under intervjuet og i etterkant undra eg meg kring utsegne til MA, der han fortalte at han var meir kritisk til risikoleik for egne barn en for barna i barnehagen. Mi oppfatting er at barnehage tilsette ofte er meir forsiktige med barna i barnehagen enn med egne barn, då dei er redd det skal henda noko med barna dei har fått i ansvar å halda trygge. Slik det er i dagens samfunn, har dei fleste barna fleire ”vakne” timar i barnehagen, enn dei har heima. Det vil sei at barnehage tilsette ser barna meir enn foreldra gjer. Det vil og sei at barnehage tilsette ser andres barn, meir enn dei ser sine egne barn. Kanskje MA difor er ”tryggare” på kva barna i barnehagen kan meistre, medan han kanskje ikkje veit kva kompetanse hans egne barn innehar. Eg tolkar det som at MA mogleges finner det vanskeleg å skilja mellom den subjektive og objektive risikoen for sitt egne barn (Sandseter, 2012).

MP, KP og MA var alle og svært opptekne av viktigheita av tilstade værande og ”pålogga” vaksne i risikoleiken. Dei orda som blei mest brukt i løp av dei fire intervjua var erfaringar, tilstede værande og aktive vaksne. Alle fire er tilhengarar av risikoleik og er svært opptekne av viktigheita av erfaringar, å det er tydeleg at deira erfaringar har spelt ei stor rolla for deira haldningar.

## 4.2 Erfaringsbasert kunnskap om risikoleik

Under dette tema tek eg føre meg kva erfaringar intervjuobjekta har med andre sine haldningar til risikoleik. Ulike haldningar dei sjølv har, å deira gode og dårlige opplevingar knytt til risikoleik.

MP sin erfaringsbaserte kunnskap om risikoleik:

MP fortel at han ikkje har nokre dårlige erfaringar med risikoleik, men han har mange gode. Han meiner at dagens barn får høyra veldig mykje ”nei, det er farlig”, han synest at barn får alt for mykje nei. MP er oppteken av at ein skal vera positiv og gi barna muligheit for risikoleik. MP sin tanke er at viss ein gjev barna muligheit, tid, rom og er aktivt deltakande vaksne, vil for eksempel barna synest at det er mykje kjekkare å gå på tur. Han fortel at han ser mykje meir entusiasme og glede hos barna når dei får lov, heller for å få nei. Han ser glede hos barna når dei får tilliten, når dei får rom til å meistra.

På spørsmålet kring hans haldningar til bruk av verktøy og kniv, og kva holdningar han opplever frå andre vaksne i barnehagen og foreldre svarte han: *”Her er det litt ”hønemor” holdning. Men eg lar barna få bruka verktøy som det ”kosta etter”, la barna få erfare det å bruka verktøy og kniv. Få sett korleis det skal brukast, erfare og lære. Eg er for at for eksempel tre stk som eg stole på, kan få lov å vera i snikkerbode aleine. Gi barna tillit, med då må eg sjølvst veta at eg kan stola på dei og at dei har erfaringa og kunnskapen som må til. Dette går på interesse”*(Vedlegg 1, MP).

MP sine haldningar kring bruk av verktøy som ein fremmar av erfaring og tillit, vil kunne gi barna det Sandseter omtalar som risikomestring(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146). Det vil sei at etter større risikoen er, etter meir meistrar barnet. Dette har positiv effekt på sjølvkjensla og den psykiske helsa til barnet(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146). Som Breivik(2001) sa: *”Dersom vi skal lære oss å meistra, må vi vera villige til å eksponera oss, vi må begynna i barneåra med å skaffe oss erfaringa og vi må halda på heila live”*(Breivik, 2001, s.146.).

MP har klare meiningar, det kjem tydeleg fram når eg spør han om han trur at det er ulikt nivå av risikoleik i friluftsbarnhage og vanleg barnhage, då han svare *"I ein friluftsbarnhage er det meir risikoleik. I ein friluftsbarnhage hadde dei aldri tilsett støvtørkarar"*(Vedlegg 1, MP).

Men han meiner at nivået av risikoleik i to vanlige barnhagar er avhengig av kven som jobbe i dei ulike barnhagane, altså deira haldningar til risikoleiken. Alle intervju objekta var samde om at det var ulikt nivå på risikoleik i alle barnhagar og at den avgjerande faktoren for risikoleiken var personalets haldningar, dei var og samde om at dei trudde det var eit større nivå av risikoleik i friluftsbarnhagar då miljøet i barnehagen var meir tilpassa den type leik. Desse tankane samsvare med Osnes(et al., 2010) som vektlegg det fysiske miljøet som ein form for invitasjon til den vilter og kroppslige leik. MP nyttar nærmiljøet aktivt som leikeplass, og tek i bruk dei utfordringane som er i naturen. Omgrepe "Affordance" handlar om akkurat dette. "Affordance" kan oversettast til invitasjon, for MP er naturen ein invitasjon som gjev barna muligheit til å analysa kroppens muligheiter i miljøet ved hjelp av sansesystemet og persepsjon(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.159).

KP sin erfaringsbaserte kunnskap om risikoleik:

KP har og bare gode erfaringar med risikoleik og forklarar det slik: *"På turar i skog og mark har eg god erfaring ved å la barna få bruka hammar, spiker og sag. Barna får på denne måten kjennskap til nye ting å bruka ute, og dei får øvd opp dei fin motoriske bevegelsane sine. I skogen har me òg tilgong til hinderløyper, klatretau og taubane og i desse får barna leika og utfalda seg som dei vil. I barnehagens uteområde kan me godt finna fram spikke kniv til barna slik at dei kan få lov å smi. I sånne aktivitetar er det alltid vaksne til stades"*(Vedlegg 2, KP).

KP er meir oppteken enn av at det må vera vaksne med i risikofylte aktivitetar enn det MP er. På spørsmål om Sandseters seks kategoriar innanfor risikoleik, fortalte ho at ho hadde god erfaring med alle då dei alle tilbydde varierte erfaringar og læring. Vidare fortelte ho at det ho syntest var viktigast i risikoleiken, var at det var ein vaksen tilstades.

KP fortel at ho opplever veldig mange ulike haldningar både hos foreldre og andre tilsette i barnehagen, særlig når det gjelder bruk av kniv i barnehagen. Ho sjølv er for bruk av kniv med barna, så lenge reglane blir følgt, det er ei lita gruppe barn og det alltid er ein vaksen som sitter med barna. Ho trur dei negative haldningane frå andre tilsette og foreldre kjem frå at dei



kanskje ikkje har erfaring med denne type leik, derfor er dei heller ikkje trygg i på denne leiken eller dei rett og slett ikkje ser noko form for nytta i denne form for leik.

KP trur at det kan vera nokre forskjellar i haldningane til ein assistent og ein pedagogisk leiar. Dette grunngjev ho med det at ho trur at den pedagogiske leiaren har meir kunnskap om barns utvikling og fordi ho tru at den pedagogiske leiaren vil vera meir allsidig i tilbode til barna. MA er ikkje eining i dette, då han trur at dette personavhengig.

MA sine erfaringsbaserte kunnskap om risikoleik:

MA har og opplev mange ulike haldningar til risikoleik. Men dei mest typiske haldningane er enten dei personane som tenker ”det går fint” eller dei som har ”hønemor” haldning. MA tur at dei negative haldningar kjem av frykt, går i arv eller kjem frå hysteri i media. Han meiner at det viktigast dei vaksne kan gjer i forhold til risikoleik er å vera ”pålogga” og tilstades, slik at dei vaksne kan rettleia barna og slik at ingen av barna blir alvorleg skada.

MA har opplevd har gode og dårlige erfaringar med risikoleik, mene eigentleg kan den negative opplevinga og sjåast som noko positivt då barne som skar av seg nagla fekk ein kjempe god lærdom og erfaring. Han fortel vidare at hans erfaring er at menn slappar meir av i omsyn til risikoleik, medan han synest at damer er meir stressa.

Eg spør han om han opplever ulike haldningar hos personalet og foreldra i forhold til bruk av kniv, det har han. Vidare fortel han at hans oppleving av det i denne barnehagen er at sjølv om det er ei akseptert form for leik, er det stort sett menna som bruke verktøy og knivar med barna. MA trur at dette handlar om at dei våger å ta risikoen og fordi det er innanfor deira interessefelt. Men han kan fortelja om tidligare opplevingar med barnehagar som ikkje har vert like aksepterte: *”Eg har jobba i barnehagar, der risikoleik ikkje har vert greitt. Men mi erfaring, er at det ofte er dei som er passive og som ikkje deltar aktivt, som oftast er negativ til risikoleik. For viss barna skal kunne halda på med risikoleik, må dei vaksen vera aktivt og pålogga, då kan dei ikkje sitte på benken ute å drikke kaffi og klaga på alt det ”farlige” som skjer rundt”*(Vedlegg 3, MA).

KA sin erfaringsbaserte kunnskap om risikoleik:

KA fortel at ho synest det er kjekt når ho ser meistringa barna får då dei driv med risikoleik. Når eg spør om ho har negative opplevingar kring risikoleik fortel ho at: *”Ofte når dei driv med kamp leikar så får dei ofte vondt, skadar kvarandre og starte å krangla, det er ei veldig*

*fin linja mellom alvor og lek. Dersom ein vaksen er med å observerar dette så er det viktig at du er ein aktiv vaksen som ser barna. Barnet til praksislæraren min satt på ryggen til eit anna barn også datt dei og knakk armen. Det kan fort skje skader når dei driv å testar grenser”(Vedlegg 4, KA).*

KA påpeikar vidare at det er difor veldig viktig med aktive og tilstade værande vaksne i risikoleiken.

KA påpeiker noko svært viktig, ho påpeikar meistringa som ho ser at den risikofylte leiken gjev barna, ho synest dette er veldig kjekt å sjå. Denne meistringa er viktig, det er viktig for ho å sjå, då ser ho ein av dei viktige grunnane for at risikoleik høyrer heime i barnehagen. I rammeplanen oppfordre dei til utfordrande og allsidig rørsle som barna kan oppleva meistring ved(Kunnskapsdepartementet, 2011). Det er akkurat det risikoleiken gjev moglegheit for. Barn treng utfordringar for å oppleve meistring, rammeplanen legg føringar for at personale må gi barna muligheit til å utfalda seg og nå sitt kroppslige potensial. Risikoleiken lære barna å meistra nye ferdigheitar, testa eigne grenser og takla utfordringar(Sandseter, 2010, s.183).

KA er positiv og ser nytta av denne forma for lek. Men eg tolkar KA som litt meir skeptisk og redd for at barna skal skada seg. Her tolkar eg dei andre pedagogane som meir avslappa, dei ser ikkje på det som noko krise om eit barn dett ned og slår seg eller knekker ein fot. Det er sjølvsagt ikkje noko dei ynskjer, men skulle det skje, ser dei på det som nyttige livserfaring. Slik eg tolkar det har MP, KP og MA eit litt meir avslappa forhold til risikoleik. Dette viser at risiko ”termostaten” varierer frå menneskje til menneskje, alle individ er ulike og bekreftar bare at menneskjer er forskjellige(Adams, 1995). Dei fire intervjuobjekta er ganske like i svara sine, sjølv om eg tolkar at engasjementet er noko ulikt.

### **4.3 Engasjement til risikoleik**

Under denne overskrifta har eg spurt intervjuobjekta om deira personlege engasjement i forhold til risikoleik. Dette for å gå djupare å finne ut om risikoleik er noko dei ulike personleg engasjerer seg for, eller om det er noko dei støtter hovudsakleg på grunn av

arbeidstittelen og yrke. Eg vil og sjå på kva utbytte intervju objekta tenker at barna har av risikoleik og kva kunnskap dei har kring emne.

Sandseter(2010) vektlegg viktigheita ved holdningane dei vaksne har for barnas risikoleik, det er nemleg dei vaksne som lagar ramma for barnas lek i barnehagen. Har dei vaksne ei negativ eller passiv haldning til risikoleik, vil barnehagen vere prega av ingen eller svært lite risikoleik.

MA fortel at han personleg engasjere seg for risikoleik, medan KA svare at hennar engasjement til risikoleik er knytt til barnehagen. KP vedkjenner at ho burde bli flinkare å leggja til rette for risikoleiken. Ho føler ho var flinkare til dette før, men at det har ”sklidd litt ut” med tida, men ho påpeikar at ho er for risikoleik.

MP er ein friluftsmann og er den eg tolkar som den mest engasjerte av dei fire. På spørsmålet svarar han: *”Nja, ikkje noko meir enn at eg er for det. Eg synest risikoleik er ein flott del av kvardagen, men eg vil ikkje sei at eg engasjerer med. Eg støtter barna i risikoleiken! Eg vil heller sei at eg generelt engasjerer meg i det å la barna få prøva og erfara. Erfaringar er viktig, det er noko eg engasjerer meg for”*(Vedlegg 1, MP).

MP er mykje på tur med barnegruppa. Dei nyttar skogen aktivt. Barna får utfalda seg og prøva seg innanfor alle Sandseter(2010) sine seks kategoriar av risikoleik. På spørsmål om kva han synest er viktig i omsyn til dei ulike kategoriane svarte MP at det viktigaste var tilstadeverande vaksne. Han ser på rettleiing og oppmuntring som ein viktig del av den vaksnes rolla i risikoleiken. Han forklare at rettleiing av ”tøffingane” og oppmuntring til dei som er meir tilbakehaldne, tilbakemeldingar og ein anerkjennande væremåte er og noko som MP ser på som viktig. *”Dersom vi skal læra oss å meistra, må vi vera villige til å eksponera oss, vi må begynna i barneåra med å skaffe oss erfaringa og vi må halda på heila live”*(Breivik, 2001, s.146.).

I følgje Snadseter(2010) finnes det svært mange sider ved risikoleik som er positive, som å meistra nye oppgåver, evna til å oppfatta risiko og kunne testa ut eigne grenser.

På spørsmål om kva dei ulike trur barna får av utbytte og om risikoleik er ein nødvendig del av barndommen svara MP at: *”Ja, barna må få erfara! Dei kan ikkje komma som 15 åringar, å for førte gang erfara det å detta å slå seg. Viss ein ikkje legger til rette for at barna kan ”strekka seg” og erfara når dei er små, er det lite vits å forventta at dei er erfarne tøffingar som våger når dei er 15 år. Då er dei nok blitt, det ein kan kalle pyser. Desse såkalla pysene,*

*vil mest sannsynleg vera pysete med sine egne barn og, så får vi enda ein ny generasjon med pyser”(Vedlegg 1, MP).*

Han seier dette med humor i stemma, før han blir meir alvorleg og seier: *”Risikoleik er viktig, men det er viktig at ein legger til rette for at risikoleiken er trygg. Det er svært viktig! For eksempel då vi laga slengdissa i skogen. Slengdissa i seg sjølv er risikoleik, og det er greitt. Men det var kjempe viktig at vi fjerna steinane og kvistane som låg og hang faretruande til. For viss barnet detter ned, så kan det hende barna knekker ein fot. Det er slikt som skjer og høyre barndommen til. Detter barnet av slengdissa og treffe den store spisse steinen som ligger under, så kan det potensielt vera veldig farlig”(Vedlegg 1, MP).*

MP meiner vi gjennom risikoleik gjev barna gode erfaringa og viktige ”verktøy” for live. Han forklare at han gjennom risikoleik er med å ufarleggjere ting for barna. For eksempel så er det ikkje farlig å bruka kniv, så lenge ein bruker kniven riktig. På spørsmålet til KP om ho trur det er noko utbytte i denne forma for leik, svarar ho at barn har utbytte av alle formar for leik. Få erfaringar, bli kjend med seg sjølv og reiskap.

MA fortel at risikoleiken lærer barna risikoanalyse, dei kan få betre impuls kontroll og barna kan få leva ut ulike roller. MA seier at risikoleik er særleg viktig for at vi ikkje skal få ein gjeng med ”bomulls barn”. Han fortel vidare at gjennom risikoleik kan barna lære at viss dei klatrar opp i eit tre, så er det ein mulighet for at dei kan detta ned. Dei kan og få erfara at ikkje alle handlingar blir gjort med vilja, nokre hendingar bare skjer. Han synest at dette er ein særleg viktig lærdom.

KA vektlegg viktig heita av at barna får sjå kva kroppen tåler, hennar tankar er positive då det er viktig for barn å få sjå sine kroppens muligheter og grenser. Desse barna vil få eit breiare bevegelses potensiale og bli motorisk sterkare(Osnes, Skaug & Kaarby, 2010, s.146).

Dei var alle samde om at risikoleik er ein positiv og viktig del av barnehagen, men engasjementet deira hadde ulik forankring. Dei alle vekta risikoleik som ein god arena for erfarings utvikling. Då dette er ei god kjelde til mange erfaringar, håper eg at det kan vera med å påverka dei til meir tilrettelegging for risikoleik i barnehagen. Då MA sa at han var redd vi sto i fare for å få ein gjeng med ”bomulls barn”, kjende eg assosiasjonar til Breivik(2001) som fryktar at barndommen står i fare og dagens barn skal blir overbeskytta. Eg og kjenner denne frykta, denne frykta høyrer eg og i mange av dei sarkastiske og morosame merknadane til intervjuobjekta. Men slik eg tolkar det, kan tema risikoleik virke

som eit litt vanskeleg tema å diskutera. For slik det er i dag, har alle barnehagar sikkerheitsforskrifter og lovverk som tilseie at barnehagen har eit ansvar for å halda barna trygge. At barnehagen skal halda barna trygge er ein sjølvfølgje, men kor går då grensa for risikoleiken. Eg tenker at usikkerheita kring eige engasjement kan komma frå akkurat dette, usikkerheita kvar grensa for risikoleiken går. Men eg håpar at driven og engasjementet for barnas erfaringar, er med gjer som KP sa, nemleg at ho burde bli flinka

## 5.0 Oppsummering

Eg valte å intervjuje fire personar frå same barnehage. To pedagogar av ulikt kjønn, og to assistentar av ulikt kjønn. Ein av desse assistentane har teke førskulelærer utdanninga, men har ikkje fullført utdanninga. Denne barnehagen har vert praksis barnehagen min i to år, ut frå desse føresetnadane hadde eg forventa at svara i intervjuja skulle vera meir varierte. Eg har kommen fram til at haldningane til dei eg intervjuja er nokså like, slik eg tolkar det er det generelt mange ulike haldningar innanfor barnehagen og engasjementet til dei ulike intervjuobjekta er likt men variert.

I intervjuprosessen kunne eg høyra at assistentane og pedagogane hadde ulik grunnplattform. Noko eg tenker er naturleg då pedagogane har ei fagleg tyngda og kanskje har måtte jobba med haldningane sine. Assistentane har mykje taus kunnskap og svarer godt, men pedagogane svarer meir utfyllande. Eg undrar meg om dette er tilfeldig, eller om dette ville ha endra seg ved pedagogisk utdanning for assistentane.

Som førskulelærer har ein eit ansvar, vi har definisjonsmakt og må vere gode rollemodellar for barna. Slik eg ser det er viktig at førskulelærarar er bevisste på rolla si og reflektere kontinuerlig over sine haldningar og pedagogisk grunnsyn. Våre haldningar er med å definere kven vi er, det er med å styre handlingane vår. Det er med å styre kven vi er som rollemodellar overfor barna. Eg tenker at som pedagogisk verksemd, er det viktig at pedagogar og assistentar har debattar kring viktige tema, og kva holdningar barnehagen står for. For slik eg tolkar det, er det svært mange ulike haldningar til for eksempel til risikoleik. Som barn må det vera forvirrande med så mange ulike haldningar kring risikoleik, slik eg ser det kan dette vere med å skapa usikkerheit. For mange barn vil for eksempel undra seg over kvifor pedagogen deira er så negativ til at dei klatre i trær, og vil då undra seg om det er fordi det er farleg. Vi som rollemodellar må vera klar over rolla vår, klar over at det er vi som har

ansvar for å ”rusta” barna for framtida. Og som alle fire som eg intervjuar, så er erfaring utruleg viktig.

Mitt forskingsspørsmål var: Kva faktorar påverke haldningane våre til risikoleik? Er det ulike haldningar til risikoleik hos dei tilsette innanfor same barnehage?

Ut frå mine analysar fann eg ut at dei faktorane som påverka haldningane til dei tilsette i denne barnehagen var deira erfaringar, utdanning, bakgrunnar og kunnskap. Særleg erfaring og bakgrunn var som ein rød tråd gjennom intervjuar. Eg høyrte forskjell på dei som var pedagogar og dei som var assistentar, men det er ikkje nødvendigvis slik i alle barnehagar. Men her kunne eg høyrte at pedagogane hadde meir fagleg kunnskap og virka tryggare då dei vart intervjuar. Eg såg ingen tydeleg forskjell på dei ulike kjønna. Intervjuar var gjennomført i praksisbarnehagen min, som er ein ”vanleg” barnehage. Eg tenker at mange av spørsmåla ville fått meir utfyllande svar, hadde eg intervjuar personalet i ein friluftsbarnhage.

No i ettertid av intervju angrar eg på at eg bare valte fire intervjuobjekt. Hadde eg intervjuar fleire, hadde eg hatt fleire intervju å velje mellom og kunne muliggjort fått fleire nyansar og ytterpunkt i intervjuar. Eg skulle og ynskja at eg ikkje valte å velja assistentane til dei to pedagogane eg valte. Utan å kunne vera sikker, føler eg at mange av haldningane til pedagogane var overførte på til assistentane. Noko som er naturleg då det er pedagoganes pedagogiske grunnsyn og visjon dei jobbar ut i frå, men det opnar for moglege feil kjelder i assistent intervjuar. No i ettertid, tenker eg at det kunne vert lurt å intervjuar meir nøytrale partar. Men så er det heller ikkje sikkert at dei er påverka av kvarandre i da heila.

Skulle eg arbeida vidare og forska meir på tema ”Risikoleik”, ville eg sett på risikoleik i inne miljøet i barnehagen. Dette fordi eg føler at risikoleik mildt sagt er ein underrepresentert inne. Det hadde vert spennande å vert i ulike barnehagar og sett ulike praksis for risikoleik inne.

For meg har denne oppgåva vert spennande, eg har fått bekrefte og lært ein del. Oppgåva i seg sjølv trur eg kan vera ein fin måte å skapa debatt blant dei eg intervjuar og dei andre i barnehagen. Få dei til å reflektere rundt viktigheita av risikoleik, kanskje inspirere dei til å snakke med foreldra om tema. Mange foreldre er skeptiske til risikoleik, slik eg ser det handlar det ofte om manglande kunnskap om verdien av risikoleik, både av haldningsskapande, motorisk og psykologisk. For meg har denne oppgåva bekrefte viktigheita av risikoleik.

## Litteraturlista:

- Adams, J. (1995). *Risk*. London: UCL Press
- Balci, S. (2013, 19.Juli). *Barn har godt av risikoleik i barnehagen*. Henta frå <http://www.hioa.no/Aktuelle-saker/Barna-har-godt-av-risikolek-i-barnehagen>
- Befring, E. (2007). *Forskningsmetode, etikk og statistikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bae, Berit: "Hei løve, er du farlig eller grei?" I "det interessante i det alminnelige" Pedagogisk Forum 1996.
- Bostad, T., & Paulsen, T. M. (u.å) *Holdninger*. Henta frå <http://ndla.no/nb/node/25440>
- Breivik, G. (2001). *Sug i magen og livskvalitet*. Oslo: Tiden norsk forlag A/S
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Klem, A. (2013, 3.august). *Organisert vanvidd tar over for fri lek*. Henta frå: <http://www.adressa.no/familie-og-oppvekst/article8032813.ece>
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. (rev. utg.) Oslo: Departementet
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Kvalnes, Ø. (2009, 10. januar). Slipp bomullsbarne fri! *Aftenposten*. Hentet frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article2859907.ece>
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2011). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Madland, A. (2013). *Betydningen av hele meg: Om handlinger, holdninger og verdier hos de voksne i barnehagen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

- Osnes, H., Skaug, H. N. & Kaarby, K. M. E. (2010). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Ringdal, K. ( 2.opplag 2009). *Enhet og mangfold*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Sandberg, L. (2014, 23.Januar). *Gunnar Breivik: "Alle barn har rett til å brette beinet"* Henta frå: <http://pugjovik.no/gunnar-breivik-alle-barn-har-rett-til-a-brette-beinet/>
- Sandseter, E. B. (2010). Betydningen av barns risikofylte lek. I. E: Kvello, Ø (red). *Barnas barnehage 2: Barn i utvikling*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Sandseter, E. B. (u.å). *Barn og spenningsaktiviteter -betydningen av kiling i magen*. Henta frå <http://www.stfk.no/pagefiles/61943/6.%20Sandseter.pdf>
- Sandseter, E. B. (2012). *Er beskyttelse av barn farlig?* Sandseter, E. B. (Arrangør). «Er det trygt at det er så sikkert?» Barnesikkerhetskonferansen ved Dronning Mauds Minne Høgskole. Trondheim november 2012. Hentet fra: <http://www.dmmh.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=5a16b5646a3d035528a315ecfd3396bd>
- Skjesol, H. E. & Solberg, P. (2011, 15.Oktober). *Reagerer på hjelm-påbud i barnehagen*. Henta frå <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article2985760.ece#.UwpyvoW2wnI>
- St.meld. nr. 39 (2001-2002). *Oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Norge*. Henta frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2001-2002/stmeld-nr-39-2001-2002-/2.html?id=470910>
- Solberg, P. (2012, 5. Juni). *Overbeskyttelse er farlig for barna*. Henta frå <http://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/article1295340.ece>



- Store medisinske leksikon. (u.å). *Kvalitativ*. Henta 14. September 2013  
frå <http://sml.snl.no/kvalitativ>
- Thagaard T(3 utgave 2009) (2 opplag 2010) .*Systematikk og innlevelse; en innføring i kvalitativ metode*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

## Vedlegg 1:

### Intervju 1: Mannlig pedagogisk leiar(MP):

- **Nr1:Kva leggje du i ordet risikoleik?**

**Svar:** Gi barna utfordringar, der det faktisk kan vera ein risiko for at barna kan skada seg. Strekka grensene til barna. Risikoleik for dei mest pysete barna, kan vera så enkelt som generelt å klatra i eit tre. Medan risikoleik for dei andre, vil være å ikkje bare klatra i treet, men å klatra heilt til toppen. Dette går på haldningar.

- **Nr2:Er risikoleik ein nødvendig del av barndommen? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:** Ja, barna må få erfara! Dei kan ikkje komma som 15 åringar, å for førte gang erfara det å detta å slå seg. Viss ein ikkje legger til rette for at barna kan ”strekka seg” og erfara når dei er små, er det lite vits å forventa at dei er erfarne tøffingar som våger når dei er 15 år. Då er dei nok blitt, det ein kan kalle pyser. Desse såkalla pysene, vil mest sannsynleg vera pysete med sine eigne barn og, så får vi enda ein ny generasjon med pyser. Risikoleik er viktig, men det er viktig at ein legger til rette for at risikoleiken er trygg. Det er svært viktig! For eksempel då vi laga slengdissa i skogen. Slengdissa i seg sjølv er risikoleik, og det er greitt. Men det var kjempe viktig at vi fjerna steinane og kvistane som låg og hang faretruande til. For viss barnet detter den, så kan det hende barna knekker ein fot. Det er slikt som skjer og høyre barndommen til. Dette barnet av slengdissa og treffe den store spisse steinen som ligger under, så kan det potensielt vera veldig farlig.

- **Nr3: På tur og i barnehagen, kor ser du risikoleik?**

**Svar:** Klatring, for eksempel i trær og på berg. Hopping, for eksempel har vi ein plass der barna kan hoppa frå eit berg to meter ned i lyng, kjempe gøy! Verktøy, smi med kniv.

- **Nr4: Bør risikoleik vera ein del av barnehagen? Er risikoleik noko barnehagen bør oppfordra og leggja til rette for?**

**Svar:** Ja! Vi kan vera med å ufarleggjera ting for barna. Det er ikkje farlig å bruka kniv, så lenge ein bruker kniven rett. Vi er med å gir barna ”verktøy” og gode erfaringar, som er viktig å ha med seg i livet.

- **Nr5: Opplever du at det finnes ulike haldningar til risikoleik? Korleis opplever du haldningane, og kva trur du dei kjem i av?**

Svar: Ja, det er veldig mange ulike haldningar! Haldningane stammar frå eigen oppvekst. Vi vaks opp i den generasjonen utan EU-sand, eg synest det er skummelt å tenka på neste generasjon. Derfor er det ekstra viktig at vi utfordre barna, og lar dei få utfalda seg. Eller så ende vi opp med ein generasjon der alle er for forsiktige, ingen ting er lov og alle er redd for alt.

- **Nr6: Er det noko utbytte i denne forma for leik? I så fall, kva utbytte trur du barna har av risikoleik?**

Svar: Med kniv for eksempel, viss ein skjere seg med kniven. Så gjer det vondt, det gror, og så er det bra igjen. Så har ein erfart det, ein kjempe god erfaring! Viss ein dette ned frå eit tre, så har ein fått ein god erfaring og lært seg det å respektera høgder. Erfaring er viktig!

- **Nr7: Er risikoleik noko du personleg engasjerer deg for?**

Svar: Nja, ikkje noko meir enn at eg er for det. Eg synest risikoleik er ein flott del av kvardagen, men eg vil ikkje sei at eg engasjerer med. Eg støtter barna i risikoleiken! Eg vil heller sei at eg generelt engasjerer meg i det å la barna få prøva og erfara. Erfaringar er viktig, det er noko eg engasjerer meg for!

- **Nr8: Kor kjem dine haldningar til risikoleik ifrå?**

Svar: Barndommen, kunnskap og erfaringar. Ting frå barndommen som ikkje er lov no lenger. Cowboy og indianar, klatra i trær. Knekte ein del bein. Flott barndom, utfordrande og veldig flott! Gode erfaringar!

- **Nr 9:Ha du ulik haldning til risikoleik for barna i barnehagen og dine egne barn? Kvifor/kvifor ikkje? (Viss du har barn)**

Svar: Nei, heilt likt. Det går på det at det ikkje er noko livsfarlig vi held på med.

- **Nr 10:Kor går grensa for risikoleik og kvifor går grensa der?**

Svar: Det er individuelt, litt kven barnet er og kva form for risikoleik. Dei største grensene får på det om det er på utsida eller innsida av barnehagen.

- **Nr 11: Risikoleik er kategorisert i seks kategoriar:**

- **Leik der barna kan gå seg vekk**
- **Leik med stor høgda**
- **Leik med farlege reiskap**
- **Leik med stor fart**
- **Leik som inneberer kamp**
- **Leik innebere farlege element**

**Kva tenker du om dei ulike kategoriane, kva er dine erfaringar og holdningar til dei ulike kategoriane?**

Svar: Tilstadeverande vaksne, er viktig i alle desse kategoriane. Vegleining og oppmuntring. Vegleia tøffingane, oppmuntra dei som er tilbakehaldne til å strekka grenser. Gi tilbakemelding og anerkjenning.

- **Nr12: Har du dårlig erfaring med risikoleik? Fortell!**

Svar: Nei.

- **Nr 13: Har du god erfaring med risikoleik? Fortell!**

Svar: Ja! Ein ser mykje meir glede og entusiasme når barna får lov, får tillit og dei får lov å meistra. Det veks dei på og får stor glede av. Gjev du barna muligheit for risikoleik, tid, rom og som aktivt deltakande vaksen, synest barna det er mykje kjekkare å gå på tur. Det gjelde å vera positive, sei minst mulig nei, nei får dei nok av. Gi barna tillit. Dagens barn får veldig mykje ”nei, det er farlig”.

- **Nr 14: Korleis reagerer du viss eit av barna springer med ein pinne?**

Svar: Det reagere eg ikkje på.

- **Nr 15: Korleis reagerer du viss barna vil leike "gjømma og leita" i ein skog med dårlig sikt?**

Svar: Med ein vaksne observatør, som har kontroll. Eg hadde ikkje gjort det med barna aleine, her er det viktig med oversikt og kontroll. Det er mykje verre å mista eit barn, enn at eit barn detter ned å slår seg.

- **Nr16: Korleis reagerer du viss Bente 5år, vil klatra til toppen av eit treet? Korleis reagerer du viss Karoline 3år, vil klatra til toppen av treet?**

Svar: Nett likt, dei klatre så høgt som dei klare .

- **Nr 17: Det er mange tankar kring det å la barna få bruka verktøy eller kniv i barnehagen. Kva er dine tankar kring dette? Kvar reaksjonar har du sett/fått? Kva haldningar er det her i barnehagen? Kva reglar? Kvifor?**

Svar: Her er det litt "hønemor" holdning. Men eg lar barna få bruka verktøy som det "kosta etter", la barna få erfare det å bruka verktøy og kniv. Få sett korleis det skal brukast, erfara og lære. Eg er for at for eksempel tre stk som eg stole på , kan få lov å vera i snikkerbode aleine. Gi barna tillit, med då må eg sjølvstet vet at eg kan stola på dei og at dei har erfaringa og kunnskapen som må til. Dette går på interesse.

- **Nr 18: Trur du at menn og kvinner har ulike haldningar til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje? Kva har du erfart?**

Svar: Det er individuelt, det finnes mykje tøffe dame og.

- **Nr 19: Trur du det er ulike holdningar blant unge og eldre kring risikoleik?**

Svar: Ja. Men der igjen så er det dei eldre som har sydd puter på dei yngre. Men det er individuelt, det handlar om kva erfaringar du sjølv har.

- **Nr 20: Trur du det er forskjell på ein pedagogisk leiar og ein pedagogisk medarbeidar sine haldningar knytt til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje?**

Svar: Nei.

- **Nr 21: Trur du det er ulikt nivå av risikoleik på to "like" barnehagar? Trur du det er ulikt nivå på risikoleiken i ein "vanleg" barnehage, og i ein friluftsbarnehage?**

**Svar:** Ja, det kjem ann på kven som jobbe der. Det er individuelt. I ein friluftsbarnehage er det meir risikoleik. I ein friluftsbarnehage hadde dei aldri tilsett støvtørkarar.

## **Vedlegg 2:**

### **Intervju 2: Intervju med Kvinnelig pedagogisk leiar(KP):**

- **Nr1:Kva leggje du i ordet risikoleik?**

**Svar:** Eg tenker leik der barna kan skada seg. Leik der barna får utfalda seg, der det er ein viss fare for skade.

- **Nr2:Er risikoleik ein nødvendig del av barndommen? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:** Det er noko barna må gå igjennom. Eg er ikkje tilhengar av å sy puter under armene på barna, risikoleik er ein del av utviklinga og læring til barna.

- **Nr3: På tur og i barnehagen, kor ser du risikoleik?**

**Svar:** Taubanen i skogen -veldig kjekk, men veldig stor fart. Høge trær i barnehagen, dei har det vert stor diskusjon rundt. Diskusjonen har gått på om trene er for høge, skal vi behalda det høge treet og kva vi synest om at barna klatre i så høge trær. Nokre av naboane har ytra bekymring.

- **Nr4: Bør risikoleik vera ein del av barnehagen? Er risikoleik noko barnehagen bør oppfordra og leggja til rette for?**

**Svar:** Ja, det bør da. Det er ein viktig del av læringa. I tilrettelagde former, assimilasjon og akkumulasjon. Erfaring, er generelt viktig. Risikoleik er viktig til ei viss grad.

- **Nr5: Opplever du at det finnes ulike haldningar til risikoleik? Korleis opplever du haldningane, og kva trur du dei kjem i av?**

**Svar:** Eg opplever at det finnes veldig mange ulike haldningar. For eksempel når det kjem til bruk av kniv i barnehagen, der er det veldig mange ulike haldningar både hos foreldre og barnehage tilsette. Haldningane kjem kanskje av at nokre personar ikkje ser nytta av risikoleik, ikkje er trygge på denne forma for leik. Kanskje dei ikkje har erfaring med denne forma for leik frå eigen barndom.

- **Nr6: Er det noko utbytte i denne forma for leik? I så fall, kva utbytte trur du barna har av risikoleik?**

**Svar:** Eg meiner at barn har utbytte av all form for leik. Bli kjend med ulike reiskap, få erfaringar.

- **Nr7: Er risikoleik noko du personleg engasjerer deg for?**

**Svar:** Eg går ikkje aktivt inn å legge til rette for det, men eg er for det. Eg kan nok absolutt bli flinkare, eg var flinkare tidligare, men det har sklidd litt ut.

- **Nr8: Kor kjem dine haldningar til risikoleik ifrå?**

**Svar:** Eg som liten, klatra i trær, saga og brukte kniv. Eg blei ikkje skjerma, eg blei ikkje sydd puter på. Eg har skada meg, men aldri alvorlig. Mine haldningar kjem frå det.

- **Nr 9: Ha du ulik haldning til risikoleik for barna i barnehagen og dine egne barn? Kvifor/kvifor ikkje? (Viss du har barn)**

**Svar:** Nei, der er det ganske likt. Første gang sønnen min fekk smi, hamna han på legevakta.

- **Nr 10: Kor går grensa for risikoleik og kvifor går grensa der?**

**Svar:** Viss eg ser at det kan gå knakande gale, då stopper eg det. Viss det er for høgt for eksempel.

- **Nr 11: Risikoleik er kategorisert i seks kategoriar:**

- **Leik der barna kan gå seg vekk**
- **Leik med stor høgda**
- **Leik med farlege reiskap**
- **Leik med stor fart**
- **Leik som inneberer kamp**
- **Leik innebere farlege element**

**Kva tenker du om dei ulike kategoriane, kva er dine erfaringar og holdningar til dei ulike kategoriane?**

**Svar:** Eg har erfaring med alle. Eit variert tilbod, vil sei variert læring og erfaringar. Det er viktig at ein vaksen er tilstades. Vaksenrolla er viktig i risikoleik.

- **Nr12: Har du dårlig erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:**

Nei- ingen dårlige erfaringar med risikoleik som eg kan koma på no i alle fall.

- **Nr 13: Har du god erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:**

På turar i skog og mark har eg god erfaring ved å la barna få bruka hammar, spiker og sag. Barna får på denne måten kjennskap til nye ting å bruka ute, og dei får øvd opp dei finmotoriske bevegelsane sine. I skogen har me òg tilgong til hinderløyper, klatretau og taubane og i desse får barna leika og utfalda seg som dei vil. I barnehagens uteområde kan me godt finna fram spikke kniv til barna slik at dei kan få lov å smi. I sånne aktivitetar er det alltid vaksne til stades.

- **Nr 14: Korleis reagerer du viss eit av barna springer med ein pinne?**

**Svar:**

Eg går som oftast bort å sei er til barnet at når ein har pinne i handa så er det lurt å gå.



- **Nr 15: Korleis reagerer du viss viss barna vil leike "gjømme og leita" i ein skog med dårlig sikt?**

**Svar:**

Det har eg til no faktisk ikkje fått spørsmål om, men hadde eg fått det så hadde eg på førehand alliert meg med ein anna vaksne som kunne vore med å sett kor barna gøymte seg, og eg ville på førehand ha avgrensa leiteområdet ilag med barna.

- **Nr16: Korleis reagerer du viss Bente 5år, vil klatra til toppen av eit treet? Korleis reagerer du viss Karoline 3år, vil klatra til toppen av treet?**

**Svar:**

Eg meiner at barna kan klatre så langt dei sjølv vil. Ein 5 åring vil mest sannsynlig klara å klatra høgare enn eit barna på 3 år, men dei vil allikevel klatra utfrå deira meistringsgrad.

- **Nr 17: Det er mange tankar kring det å la barna få bruka verktøy eller kniv i barnehagen. Kva er dine tankar kring dette? Kvar reaksjonar har du sett/fått? Kva haldningar er det her i barnehagen? Kva reglar? Kvifor?**

**Svar:**

Me vaksne kan fint la barna få nytta verktøy og kniv i barnehagne. Det er viktig og lærerikt for barna å få ta del i bruken av slike ting. I barnehagen har me ein uskreven regel på at det alltid skal vera ein vaksnen med på desse aktivitetane. Når me smir skal me alltid smi frå oss og aldri mot nokon. Når me er ferdig med kniven skal den alltid inn i slira igjen.

- **Nr 18: Trur du at menn og kvinner har ulike haldningar til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje? Kva har du erfart?**

**Svar:**

Eg trur det egentlig ikkje- men så veit eg egentlig at det kan vera ulike haldningar. Menn trur eg ser lettare på ting, og at dei ikkje ser kva konsekvensar det kan bli.

- **Nr 19: Trur du det er ulike holdningar blant unge og eldre kring risikoleik?**

**Svar:**

Eg trur kanskje at dei eldre har bedre haldningar til dette med risikoleik, då dei har vakst opp med det i større grad enn dei som veks opp no.

- **Nr 20: Trur du det er forskjell på ein pedagogisk leiar og ein pedagogisk medarbeidar sine haldningar knytt til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:**

Eg trur det kan vera forskjell på ein pedagogisk leiar og ein pedagogisk medarbeidar sine haldningar fordi eg trur at leiarane vil vera meir allsidig i tilbodet barna får. Eg trur òg at leiarane har meir teori om at barna meistrar det meste i stor grad, og at barna kan til det motsette er vist.

- **Nr 21: Trur du det er ulikt nivå av risikoleik på to "like" barnehagar? Trur du det er ulikt nivå på risikoleiken i ein "vanleg" barnehage, og i ein friluftsbarnhage?**

**Svar:**

Det kan nok heilt klart vera ulikt nivå av risikoleik på to like barnehagar ja. Det er nok fordi alle vaksne som jobbar i barnehagar er ulike, og me ser ulikt på kva som er risikofyllt og ikkje. Nivået på risikoleik kan vera større i ein friluftsbarnhage, då dei har meir tilgong på større trær og større områder. Dei nyttar nok mest sannsynleg kniv og ulikt verktøy i større grad òg, sidan dei er for det meste ute.

## Vedlegg 3:

### Intervju 3, mannlig assistent(MA):

- **Nr1:Kva leggje du i ordet risikoleik?**

**Svar:** Klatra i trær, leika der det er potensial for at barna kan slå seg og bli skada, altså ein risiko.

- **Nr2:Er risikoleik ein nødvendig del av barndommen? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:** Ja, viss ikkje så blir det ein gjeng med bomullsbarn. Barna må lære at viss dei klatre i trær, kå kan dei dette ned. Nokre barn trengje å bli tøffa opp litt.

- **Nr3: På tur og i barnehagen, kor ser du risikoleik?**

**Svar:** Fekting med pinnar, smi med kniv, slengdissa i skogen, det er generelt mykje risikoleik. Det er positivt, det er mykje læring og meistring i risikoleik.

- **Nr4: Bør risikoleik vera ein del av barnehagen? Er risikoleik noko barnehagen bør oppfordra og leggja til rette for?**

**Svar:** JA! Det synest eg! Dei må få dei erfaringane, som følgjar med risikoleik. Eg har opplevd alt for mange vaksne, som knapt veit korleis dei skal gå på ein sti. Risikoleik er viktig for erfaring, det er viktig for at barn skal kunne analysere risiko.

- **Nr5: Opplever du at det finnes ulike haldningar til risikoleik? Korleis opplever du haldningane, og kva trur du dei kjem i av?**

**Svar:** Eg opplever mange ulike haldningar. Dei mest typiske haldningane er dei som seier ”det går bra” eller ”hønemor” haldninga. I ein barnehage er det viktig at ein er tilstades og pålogga. Risikoleik er bra! Men ein vaksen må vera tilstades, slik at barna ikkje blir alvorleg skada i leiken. Slik at dei vaksne kan vegleia barna. Eg trur at holdningane kjem frå frykt, går i arv eller frå hysteri i media.

- **Nr6: Er det noko utbytte i denne forma for leik? I så fall, kva utbytte trur du barna har av risikoleik?**

**Svar:** Barna lærer risikoanalyse, får betre impuls kontroll, leve ut roller gjennom rolleleiken i risikoleiken. Erfare, å lære at ikkje alt blir gjort med vilja, ting bare skjer og det er viktig å vera forsiktig.

- **Nr7: Er risikoleik noko du personleg engasjerer deg for?**

**Svar:** Ja!

- **Nr8: Kor kjem dine haldningar til risikoleik ifrå?**

**Svar:** Eigen barndom, påverknad frå pedagogisk leiar og eigen erfaring.

- **Nr 9: Ha du ulik haldning til risikoleik for barna i barnehagen og dine egne barn? Kvifor/kvifor ikkje? (Viss du har barn)**

**Svar:** Ja!! Det har eg. Eg er enda meir kritisk og forsiktig med mitt eige barn. Eg er litt ”hønemor”, ”hønepappa”. Men eg synest det er flott at ho tøffe seg litt(!), litt opp. Men er uhelle ute, er det viktig av vi som vaksne er rolige, held roen og roe ned situasjonen. Barn ser ofte på den vaksne sin reaksjon, å reagere ut frå den. Eg prøve å ikkje vera ”hønemor”, men det er vanskelig.

- **Nr 10: Kor går grensa for risikoleik og kvifor går grensa der?**

**Svar:** Eg setter grensa for barnas risikoleik, etter kor eg ser dei har kontroll. Men det er viktig dei får utfordra seg, men då er det veldig viktig med ein pålogga vaksen. Ein pålogga vaksen er viktig i all risikoleik.

- **Nr 11: Risikoleik er kategorisert i seks kategoriar:**

- **Leik der barna kan gå seg vekk**
- **Leik med stor høgda**
- **Leik med farlege reiskap**

- **Leik med stor fart**
- **Leik som inneberer kamp**
- **Leik innebere farlege element**

**Kva tenker du om dei ulike kategoriane, kva er dine erfaringar og holdningar til dei ulike kategoriane?**

**Svar:** Risikoleik går som regel bra, det er aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Til og med rysjing kan sjåast som risikoleik. Tilstadeverande og profesjonelle vaksne er viktig. Risikoleik er bra, Risikoleik kan vera bra, slik eg ser det er det den vaksne sitt ansvar at risikoleiken er bra.

- **Nr12: Har du dårlig erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:** Ja, ein som skjerde av seg nagla. Foreldra tok det fint. Men han fekk muligheita til å læra seg å respektera bruk av kniv, ein flott lærdom egentlig!

- **Nr 13: Har du god erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:** Ja, når barna begynner å våga litt. Det bygger sjølvfølelse, meistringa får barna minst til å veksa "to meter".

- **Nr 14: Korleis reagerer du viss eit av barna springer med ein pinne?**

**Svar:** Eg reagerer ikkje, eller spørst kven det er. Faktisk! Og korleis dei springe med pinnen. Eg reagere litt, etter kven og korleis.

- **Nr 15: Korleis reagerer du viss barna vil leike "gjømme og leita" i ein skog med dårlig sikt?**

**Svar:** Då seie eg at dei må halda seg slik at dei ser oss vaksne. For ser dei oss, så ser vi dei.

- **Nr16: Korleis reagerer du viss Bente 5år, vil klatra til toppen av eit treet? Korleis reagerer du viss Karoline 3år, vil klatra til toppen av treet?**

**Svar:** Då står eg under å ser på, eller eg vil bedømme om det er greitt ut i frå erfaringa til barna. Med ho minste, ville eg vert skeptisk. Ja, skeptisk!

- **Nr 17: Det er mange tankar kring det å la barna få bruka verktøy eller kniv i barnehagen. Kva er dine tankar kring dette? Kvar reaksjonar har du sett/fått? Kva haldningar er det her i barnehagen? Kva reglar? Kvifor?**

**Svar:** Akkurat her i barnehagen er det slik at det stort sett er vi mannfolka som bruker knivar og verktøya med barna. Det trur eg er fordi det er vi som liker det best og tek den risikoen. Her i barnehagen er denne forma for risikoleik akseptert. Men eg har jobba i barnehagar, der risikoleik ikkje har vert greitt. Men mi erfaring, er at det ofte er dei som er passive og som ikkje deltar aktivt, som oftast er negativ til risikoleik. For viss barna skal kunne halda på med risikoleik, må dei vaksen vera aktivt og pålogga, då kan dei ikkje sitte på benken ute å drikke kaffi og klaga på alt det "farlige" som skjer rundt.

- **Nr 18: Trur du at menn og kvinner har ulike haldningar til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje? Kva har du erfart?**

**Svar:** Ja!! Menn slappe meir av, det er vertfall mi erfaring. Det er litt stereotypisk av meg og sei, men eg meiner ikkje et det gjelder alle. Men, det er mi erfaring.

- **Nr 19: Trur du det er ulike holdningar blant unge og eldre kring risikoleik?**

**Svar:** Nei. Kanskje dei yngre er meir pysete, men der igjen så er dei eldre som har oppdradd dei yngre.

- **Nr 20: Trur du det er forskjell på ein pedagogisk leiar og ein pedagogisk medarbeidar sine haldningar knytt til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:** Eg trur det er forskjell frå person til person.

- **Nr 21: Trur du det er ulikt nivå av risikoleik på to "like" barnehagar? Trur du det er ulikt nivå på risikoleiken i ein "vanleg" barnehage, og i ein friluftsbarnhage?**

**Svar:** Ja, det trur eg. Det er fordi det er ulike barn og vaksne i alle barnehagar. I friluftsbarnhagar, er dei meir vane, utsatt, har betre og gode rutinar og masse erfaring.

## **Vedlegg 4:**

### **Intervju 4, kvinnelig assistent(KA):**

- **Nr1:Kva leggje du i ordet risikoleik?**

#### **Svar:**

Risikoleik? I dette ordet så tenker eg at det er at barna sjølv presser sin leik til eit nivå som gjer det til noko spanande, til eksempel buldreleik at dei prøver ut sine grenser mot kvarandre.

Kva tåler den andre personen, kva tåler eg eller er eg sterkere enn dette barnet?

Eller så kan det være at dei prøvar ut å hoppe frå ein høgde som barnet egentlig synast er litt ubehagleg, det å teste sine egne grenser egentlig. At barnet får bruke utstyr som dei kanskje kan skade seg på, som knivar. Dei kan hjelpe til å kutte opp maten eller lage spiddepinne.

- **Nr2:Er risikoleik ein nødvendig del av barndommen? Kvifor/kvifor ikkje?**

#### **Svar:**

Ja det er nødvendig for å teste ut kva ein klarar, kor går egne grenser. Om eit barn har blitt skjerma heile livet så kan det i verste tilfelle ,når ein ”veks” til, hende at barnet ikkje har grenser på kva som er trygt og ikkje trygt. Om barnet ikkje får oppleve rissikoleik så veit heller ikkje barnet kor deira grenser går.

- **Nr3: På tur og i barnehagen, kor ser du risikoleik?**

#### **Svar:**

Det ser du når dei klatrar opp på steinen og hoppar ned, oppi treet, eller klatrar opp ein bratt bakke som det er mulig at barnet kan falle ned. Slik det er i måseskogen med den ”løpestrengen” der dei fer nedover bakken med stor fart. Også når dei rullar ned ein bratt bakke, både med og utan sykkel der dei testar sine grenser, når dei klatrar litt høgare oppi treet sjølv om dei har litt høydeskrekk, og kanskje fortsett enda høgare enn det dei er komfortable med. Når dei driv med bryteleik ute eller inne der dei tester kvarandre, eller når dei driv å leike-skubba kvarandre.

- **Nr4: Bør risikoleik vera ein del av barnehagen? Er risikoleik noko barnehagen bør oppfordra og leggja til rette for?**

**Svar:**

Ja. Ja dei bør oppfordre barna til å teste sine grenser, klarer du å hoppe fra den steinen?, kommer du deg opp i dette treet?, klarer du å klatre opp den bratte bakken. Eg tenker at me treng ikkje og oppmuntre så mykje til desse sloss leikane dei har, dette er noko barna finner ut sjølv og ofte så ender det med at nokon får vondt, men som vaksne i barnehagen tenker eg at ein kan oppmuntre til å strekke sine eigne grenser.

- **Nr5: Opplever du at det finnes ulike haldningar til risikoleik? Korleis opplever du haldningane, og kva trur du dei kjem i av?**

**Svar:**

Ja det har eg opplevd og egentlig trur eg det kjem frå korleis du sjølv har blitt oppdratt og kva du er vand med. Eg kan sei at eg ser mykje klatring som rissikoleik men det er fordi eg har så enormt med høydeskrekk. Så då syns eg det ser skummelt ut når barna presser sine grenser med og komme til toppen av eit tre, men eg veit sjølv at eg gjor slik når eg var barn. Så eg må jo bare oppmuntre til denne aktiviteten. (så lenge dei ikkje klatrar for høgt).

- **Nr6: Er det noko utbytte i denne forma for leik? I så fall, kva utbytte trur du barna har av risikoleik?**

**Svar:**

Ja. Eg synast det er viktig at barna får teste sine grenser og kva kroppen deira tålar. Det er viktig at me som vaksne ikkje bare pressar, om det er noko som me ser kan bli veldig farleg må me hindre dei. Forklara tydelig kvifor dei ikkje får lov til å gjere det.

- **Nr7: Er risikoleik noko du personleg engasjerer deg for?**

**Svar:**

Det er ein del av kvardagen, og i Valvatna så er det lagt til rette for at barna skal få prøve å teste seg sjølv i kvardagen.



- **Nr8: Kor kjem dine haldningar til risikoleik ifrå?**

**Svar:**

Utdanninga mi og foreldra mine. Mamma og Pappa har alltid latt meg prøve ut mine grenser, men passa på at det ikkje blei for farleg, og i utdanninga mi så har me om rissikoleik, så der fikk eg mykje lærdom.

- **Nr 9:Ha du ulik haldning til risikoleik for barna i barnehagen og dine egne barn?  
Kvifor/kvifor ikkje? (Viss du har barn)**

Har ikkje barn.

- **Nr 10:Kor går grensa for risikoleik og kvifor går grensa der?**

Når du ser at barnet ikkje synast det er kjekt, for det er jo leik i ordet og det skal være kjekt og givende (så lenge det ikkje skadar barnet).

- **Nr 11:Risikoleik er kategorisert i seks kategoriar:**

- **Leik der barna kan gå seg vekk**
- **Leik med stor høgda**
- **Leik med farlege reiskap**
- **Leik med stor fart**
- **Leik som inneberer kamp**
- **Leik innebere farlege element**

**Kva tenker du om dei ulike kategoriane, kva er dine erfaringar og holdningar til dei ulike kategoriane?**

**Svar:**

At det er noko som høyrar til ein barndom, barna skal få prøve desse tingene. Haldningar til dette frå dei aller fleste eg har snakka med er at barna skal få erfare dei forskjellige temaene, men alt til sin tid, og tilpassa alderen på barna.

- **Nr12: Har du dårlig erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:**

Ofte når dei driv med kamp leikar så får dei ofte vondt, skadar kvarandre og startar å krangle, det er ei veldig fin lingje mellom alvor og leik. Dersom ein vaksen er med å observerar dette så er det viktig at du er ein aktiv vaksen som ser barna. Barnet til praksislæraren min satt på ryggen til eit anna barn også datt dei og knakk armen. Det kan fort skje skader når dei driv å tester grenser, dermed er det viktig å ha aktive ansatte i barnehagen som ser desse tingene.

- **Nr 13: Har du god erfaring med risikoleik? Fortell!**

**Svar:**

Ja er det kjekt når barnet stolt klatrar opp på ein litt høg stein og hopper ned, og ein kan sjå kor stolt barnet er når dei får det til. Generelt når dei testar grensene sine og får det til.

- **Nr 14: Korleis reagerer du viss eit av barna springer med ein pinne?**

**Svar:**

Spørs kor ein er og kor stor pinnen er, om me er på ein flat plass med lite røtter og lite fare for at barnet snublar så ser eg ikkje på det som ein stor rissiko. Om me er midt inni ein skog og barnet springer med ein pinne kan eg være litt ”strengere” at kanskje eg seier at barnet kan gå med pinnen i staden. Så eg følar at ein må sjå det litt i forhold til situasjon.

- **Nr 15: Korleis reagerer du viss viss barna vil leike ”gjømma og leita” i ein skog med dårlig sikt?**

**Svar:**

At eg gir barna ei grense slik at dei ikkje kan gå så langt vekk, og finner ut kor mange barn som vil være med. Er det eit stort område, er det eit område eg kjenner til eller ikkje. Det er litt situasjonsbetinga, kan noko gå gale.

- **Nr16: Korleis reagerer du viss Bente 5år, vil klatra til toppen av eit treet? Korleis reagerer du viss Karoline 3år, vil klatra til toppen av treet?**

**Svar:**

Eg trur eg ville ikkje reagert noko annleis, ville vert observang og støttende med dei begge to, trur kanskje eg ville følgt litt meir med på barnet på 3 år, men eg ville ikkje hindra barnet på 3 år om det fekk til å klatra opp til toppen.

- **Nr 17: Det er mange tankar kring det å la barna få bruka verktøy eller kniv i barnehagen. Kva er dine tankar kring dette? Kva reaksjonar har du sett/fått? Kva haldningar er det her i barnehagen? Kva reglar? Kvifor?**

**Svar:**

Eg tenker det er viktig å la barna få prøve det, når dei har rette alderen kan dei få erfaringar med å bruke knivar. Eg har fått positive reaksjonar, eg brukte mykje knivar med dei eldste i prestegardskogen bhg når eg var der i sommar og det var kun positiv reaksjon. I Valvatna bhg så har dei eit positivt syn på det å bruke kniv, dei eldste barna bruker det ein del i kvardagen og det syns eg er flott. Eg har ikkje fått innføring på kva reglar som finns med kniv, eg trur egentlig dei følgjer sunn fornuft. At ein ikkje har heile barnegruppa om gangen, men deler opp slik at den vaksne har kontroll på knivar og barn og kan forteller korleis dei skal håntere ein kniv, men det kan fort komme eit lite kutt noko som er fort gjort. Dette er harmlaust egentlig så det er ikkje så gale.

- **Nr 18: Trur du at menn og kvinner har ulike haldningar til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje? Kva har du erfart?**

**Svar:**

Eg trur det er individuelt. Eg trur egentlig at det ikkje er store forskjellar mellom kjønn lengre, det var meir tydelig før. Dette er egentlig ikkje noko som eg har erfart bare konkludert med. At me er forskjellige, har forskjellige erfaringar og væremåte og det formar synet ein har på risikoleik.

- **Nr 19: Trur du det er ulike holdningar blant unge og eldre kring risikoleik?**

**Svar:**

Både ja og nei. Eg trur dette også er veldig, men om det skulle vært ein forskjell så er det at eldre kanskje er meir avslappa. Men som sakt så trur eg det er veldig individuelt.

- **Nr 20: Trur du det er forskjell på ein pedagogisk leiar og ein pedagogisk medarbeidar sine haldningar knytt til risikoleik? Kvifor/kvifor ikkje?**

**Svar:**

Dette også meiner eg er individuelt, men det kan hende at ein pedagogisk leiar kanskje er litt ”strengere” enn ein pedagogisk medarbeidar grunna at ein pedagogisk leiar har all ansvaret på seg. Men som sakt så trur eg det er veldig individuelt.

- **Nr 21: Trur du det er ulikt nivå av risikoleik på to ”like” barnehagar? Trur du det er ulikt nivå på risikoleiken i ein ”vanleg” barnehage, og i ein friluftsbarnhage?**

**Svar:**

Ja for det kommer ann på kven som jobbar i barnehagen, det kan være forskjellar fra avdeling til avdeling også. Det kjem ann på kva syn, dei ansatte har på risikoleik, dette bestemmer nivået.

Friluftsbarnhagar brukar meir natur med klatring, utstyr , bål osv. Så eg trur at friluftsbarnhagar har risikoleik meir naturleg i kvardagen enn ein ”vanleg” barnehage, men eg trur også igjen på dette med kven som jobbar i barnehagen, at ein ”vanleg” barnehage også kan ha mykje rissikoleik i kvardagen.

## Vedlegg 5:

# Samtykke intervju Bachelor oppgave.

Student xxxxxx har vært i praksis ved vår barnehage.

I den sammenheng har hun intervjuet meg om temaet risikolek i barnehage, for bruk i hennes Bachelor oppgave med samme tema.

Jeg godkjenner herved at intervjuet kan brukes i oppgaven.

---

Sted/Dato

---

Navn

---

Sted/Dato

---

Navn

---

Sted/Dato

---

Navn

---

Sted/Dato

---

Navn